

Kulturminneplan 2021 - 2024

Vedteken i kommunestyresak 21/xxx den 22.04.2021



*Bakkejekta på veg inn Hyllestadfjorden gir assosiasjonar til segna om Olav Kyrre.
(Foto: Sigrid Solberg)*

Innhald

INNHALD	2
DEL 1: OM PLANEN OG PLANARBEIDET	3
Innleiing.....	3
Føremål og målsetjing med planen	4
Planarbeidet	4
Definisjonar og klargjering av omgrep	4
Plangrunnlag	5
Tidlegare kulturminnearbeid – eit kort oversyn:	6
Oppbygging av planen.....	7
DEL 2: KULTURHISTORIA TEMAVIS.....	8
Automatisk freda kulturminne.....	8
Kyrkjer og kristenliv.....	11
Fiskarbonden.....	15
Skular, lag og foreiningar	23
Samferdsel, handel og kommunikasjon	27
Teknikk og industri	31
Krigsminne	35
Immaterielle kulturminne	37
DEL 3: PRIORITERTE KULTURMINNE	41
DEL 4: HANDLINGSPLAN	61
Tiltak i perioden 2021-2024	61
KJELDER / LITTERATUR.....	63

Del 1: Om planen og planarbeidet

Innleiing

Sogn og Fjordane fylkeskommune si satsing på lokale kulturminneplanar er bakgrunnen for at dette arbeidet vart sett i gong. Målet med fylkeskommunen si satsing er å styrke kommunane i deira operative rolle på kulturminnefeltet.

Kulturminneplanar vil vere eit viktig verkty for kommunane innan mange fagfelt: i forvaltninga innan areal-, plan-, og byggjesak, vil ein lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv handsaming. Dette vil også vere viktig for eigarar av kulturminne. Eit kulturminne si forankring i ein kulturminneplan er viktig med tanke på stønadsordningar og tilgang på rettleiing i bruk og vedlikehald.

Planen vil også vere nyttig verkty i det lokale utviklingsarbeidet. Både skulevesen, næringsliv og kultursektor kan nytte kulturminna til å skape høg kompetanse og gode opplevingar. Utarbeiding av lokale kulturminneplanar vil gje kommunar og innbyggjarar eit betre oversyn over kva som finst av kulturminne i eige lokalmiljø.

Dei mest kjende kulturminna vi har i Hyllestad er kvernsteinsbrota, og ein har etter kvart god dokumentasjon av kvernsteinshistoria. I kulturminneplanen ynskjer vi å få fram ein del av dei andre kulturminna i kommunen vår.



Frå Dronninggruva i Kvernsteinsparken. Foto: Sigrid Solberg.

Føremål og målsetjing med planen

Arbeidet med kulturminneregistrering og kulturminneplan skal bidra til:

1. auka kunnskap og medvit om kulturminneverdiane i kommunen
2. oversyn av viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap
3. at dei nasjonale databasane Askeladden og Kulturminnesøk til ei kvar tid er oppdaterte
4. betre forvaltning av kulturminne, blant anna gjennom bruk av plan- og bygningslova

Målsetjing:

Kulturminneplanen skal vere ein reiskap for å sikre at eit mangfald av representative kulturminne i Hyllestad, blir gjort kjent og ivaretatt. Kulturhistoria vår i eldre og nyare tid, skal vere ei kjelde til kunnskap, oppleving og verdiskaping, og på denne måten vere med å danne grunnlag for ei positiv identitetskjensle til Hyllestad.

Planarbeidet

I møte 23.05.14 vedtok Hyllestad formannskap vedtak om oppstart av arbeid med kulturminneplan for Hyllestad kommune. Arbeidsgruppa har hatt desse medlemmene: kultur og oppvekstsjef Gjermund Flage, tidlegare kulturkonsulent Sigrid Solberg, tidlegare rektor Hildegunn Hatlem frå Hyllestad skule, Håkon Haukøy som representant frå Hyllestad sogelag og Astrid Waage som representant frå Folkeakademiet Hyllestad.

I hovudsak har arbeidet bestått i registrering av kulturminne og utarbeiding av kulturminneplan. I samband med registreringa har det vore halde informasjonsmøte og kurs. Her fekk innbyggjarane kome med innspel til kva kulturminne ein skulle registrere. Dette danna grunnlaget for arbeidsgruppa si prioritering av kva kulturminne ein skulle registrere.

Prioriterte kulturminne å registrere i planperioden (temavis):

Steinarbeid, byggverk og produkt av naturstein

Fiske/sjø/båt

Immaterielle kulturminne

Bygningar (kvernhus, skulehus, bedehus, kyrkjer)

Krigsminne

Etter kvart har det vist seg at avgrensingar har vore nødvendige. Til dømes vil det vere ei altfor stor oppgåve å registrere alle steingardar, ein har då prioritert å registrere eit utval for å vise ulike typar.

Definisjonar og klargjering av omgrep

I Lov om kulturminne § 2 vert kulturminne og kulturmiljø definert slik:

Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.

Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturmiljøer inngår som en større helhet eller sammenheng.

Reglene om kulturminner og kulturmiljøer gjelder så langt de passer også for botaniske, zoologiske eller geologiske forekomster som det knytter seg kulturhistoriske verdier til.

Freda kulturminne

Ei freding er den strengaste form for vern. Freding inneber at inngrep/endringar på kulturminnet, som går ut

////////////////////////////////////

Tidlegare kulturminnearbeid – eit kort oversyn:

Stadnamn:

Andreas Eide si stadnamninnsamling i 1928

Skuleborninnsamlinga på 1930 talet

Fylkesarkivet si stadnamninnsamling på 1980 talet

Fornminne:

Per Fett: Førhistoriske minne i Sogn, Solund prestegjeld og Hyllestad prestegjeld, 1954

Universitetet i Bergen; Fornminne i Sogn og Fjordane, Hyllestad kommune, 1983

SEFRAK:

Eit større arbeid med registrering av bygningar frå før 1900 vart gjennomført her i landet frå 1970 talet og fram til kring 1990 talet. Desse utgjer i dag SEFRAK-registerert, og kan i dag søkjast opp på www.fylkesatlas.no.

Fotografi:

I samband med arbeidet med bygdebøkene (utgjevne 1990/93) vart det registrert kring 700 fotografi. På midten av 1990 talet deltok kommunen i Fylkesarkivet sitt Prosjekt Fotovern, og då var det samla inn og registert kring 2000 fotografi.

Drakt og klede:

Registrering av 200 draktdelar og klesplagg i regi av Hyllestad og Høyanger husflidslag, 1997, i samarbeid med Bunad og folkedraktrådet.

Song og musikkopptak:

På Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane er det i alt 317 opptak frå Hyllestad, fordelt på 181 vokalopptak og 136 musikkopptak.

Kulturlandskap:

Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Hyllestad kommune, rapport 1990

Geoatlas:

På GeoAtlas kan ein finne tverrfaglege tekstar laga av skuleelevar i Hyllestad.

Då GeoAtlas vart oppretta i 2003 var målet å løfta fram natur- og kulturkvalitetar i lokalsamfunnet.

Kulturhistorisk atlas:

Kulturhistoriske artiklar om materielle og immaterielle kulturminne, historiske hendingar, arkivsaker, kyrkjer, personar og anna, som gir eit innblikk i fortida vår.

I Hyllestad vart det i 2001 valt ut 50 kulturminne som det vart skrive artiklar om. I ettertid har det kome fleire artiklar.

Gjenstandar frå Hyllestad:

På ulike museum, til dømes De Heibergske samlinger og Norsk folkemuseum, er det gjenstandar frå Hyllestad. Desse kan ein søkje opp på www.digitaltmuseum.no

Kulturløype:

I 2018 var den første kulturløypa i Hyllestad klar. Løypa startar i Kvernsteinsparken, og går via prestegarden,

////////////////////////////////////

Svartedalen og Hyllestadvikja, og attende til Hyllestad.

Samstundes som ein kan høyre Martha Systad Iden fortelje om korleis det var å vekse opp på Hyllestad på 50 talet, vandrar ein også gjennom meir enn 1000 års historie

Lokalt kulturminnearbeid:

Hyllestad sogelag, Folkeakademiet Hyllestad, Kvernsteinslauget og Åfjorddalen bygdekvinnelag er alle viktige bidragsytarar til kulturminnearbeidet i Hyllestad.

Dette gjeld og einskildpersonar som tar vare på og vidarefører tradisjonar eller handverk, eller som tar opp att tradisjonar som er i ferd med å gå i gløymeboka. Anten det er kunsten å hogge kvernstein, folkemusikktradisjon eller å sy bunadssaum.

Oppbygging av planen

Planen er delt i 4 delar. Den fyrste delen omhandlar grunnlag for planarbeidet og prosessen med utarbeiding av denne. Del to gjev eit kortfatta, tematisk oversyn over kulturhistoria til kommunen. Her freistar vi å gje eit bakteppe for dei prioriterte kulturminna og setje dei inn i ein større samanheng. Del to omhandlar også immaterielle kulturminne. Del tre inneheld liste og skildring av kva kulturminne som er prioriterte og med i planen. Denne lista er ikkje ordna tematisk, då eit kulturminne eller eit kulturmiljø ofte høver under fleire tema. Astrid Waage og Leif Jørgen Akse har gjort eit stort arbeid med å registrere kulturminne i databasen *Kulturminnesøk*. Tekst som skildrar kulturminne i planen er i stor grad henta frå Kulturminnesøk, Kulturhistorisk leksikon og www.lokalhistoriewiki.no (om skular). Elles er bygdebøkene og sokeskrifta frå Hyllestad viktige kjelder. Del fire er handlingsplanen. Elles er kart lagt ved som vedlegg.

Planen er ført i pennen av Sigrid Solberg, tidlegare kulturkonsulent ved Hyllestad kommune, og Oddhild Dokset Engedal, Rådgjevande Arkeologar.

Del 2: Kulturhistoria temavis

Automatisk freda kulturminne

Gravrøyser og lause fornminne

Ei gravrøys(haug) er ein haug av lausmasse og stein lagt over ein gravstad, gjerne som eit monument eller minnesmerke over den som døydde. Haugen sin storleik varierer, kanskje i forhold til den døydde sin status. Vanlegvis er ein gravhaug rund i grunnplanet, og vert då kalla ein rundhaug. I bronsealderen var det mest vanleg med gravrøyser av stein, medan dei fleste gravhaugane i Norge er frå jernalder og vikingtid.

I 1954 gav Historisk museum i Bergen ut eit hefte med oversikt over Førhistoriske minne i Solund og Hyllestad av konservator Per Fett. Det hadde vore gjort funn av gravrøyser på fleire stader i kommunen. Dei fleste av desse er frå jernalderen, men nokre er også datert til å vere frå vikingtida.

I tillegg inneheld heftet ei oversikt over lause fornminne som var funne og innlevert til museum: til dømes flintdolk, steinøks og grønstainsøks. Desse er datert tilbake til yngre steinalder og er oppbevart på Bergen museum.



Spinneshjul frå Hyllestad. Foto: Ann Mari Olsen ©

Det er gjerne i samband med arbeid på åker og eng eller i skogen at fornminna har kome for dagen. Seint på 1970- talet vart det funne ei flintøks, ein omarbeidd flintdolk, eit keramikkskår og eit flintavslag under arbeidet med ei tomt i Ulvika. (Sogehefte 2007; Ørjan Engedal)

Av andre funn kan nemnast spelebrikke datert til jernalderen (400-ca 1050) og eit spinneshjul også frå jernalderen.

I 2008 vart det funnen ei vakker flintdolk i Bøfjorden i samband med hagearbeid. Jorda kom frå Nedre Foss, og dolken er datert til aller siste del av yngre steinalder. Funnet dokumenterer med dette at det budde folk her for 4000 år sidan, og dei dreiv med korndyrking og husdyrhald.



Ofte har slike flintdolkar blitt funne som lausfunn, men nokre gonger indikerer omstenda rundt funnet at gjenstanden kan vere deponert med intensjon. Då har dolken blitt lagt ned under ein stor stein i steinur eller i vatn, truleg som eit offer, og gjerne saman med endå ein dolk. Flintdolkane blei brukt mot slutten av yngre steinalder og eit lite stykke inn i eldre bronsealder. Dei vart importert frå Danmark, og flintdolkar var ein stor industri i Danmark på denne tida. Dolkane blir tolka som prestisjeobjekt, dei hadde bruksverdi, men like viktig var at dei ikkje var produsert lokalt, men kom langt borte frå. Åtte ein slike gjenstandar, viste ein at ein hadde kontaktar, og kunne få tak i ting som var sjeldne, og det gav status.

Flintdolken frå Nedre Foss
Foto: Adnan Icgagic ©

Automatisk freda kulturminne er registrert i Riksantikvaren sin database Askeladden, og ein kan søkje dei opp på www.kulturminnesok.no

Kvernsteinsbrota

Den kyanittførande granatglimmerskiferen er lett å meisle og forme, og vart såleis grunnlaget for ein storstilla produksjon av kvernstein til både inn – og utland.

Då den siste kvernsteinen vart hoggen i Åfjorden tidleg på 1930, var dette vart slutten på ein lang epoke. Forsking har stadfesta at steinhoggartradisjonen og produksjon av kvernstein i Hyllestad kan førast attende til 700 talet.

Rundt Åfjorden finn ein restar etter 367 større og mindre uttaks plassar for kvernstein. Dei største brotområda finn ein på Myklebust og Rønset.

Gjennom hundreår etter hundreår har det altså vore eit yrande steinhoggarliv her, og det har kome skip for å hente kvernsteinar. I tillegg til Norge, gjekk det skipslaster med kvernstein til Sverige, Danmark, Island, dei baltiske landa og Tyskland.

Produksjonen av kvernstein var på sitt største i slutten av vikingtida, og fram til 1500-1600 talet. Funn av skipsvrak i skipsleia langs kysten kan stadfeste dette. Den mest kjende skipslasta vart funnen i 1990 i Alverstraumen. Her vart 505 handkvernsteinar teke opp frå havbotnen. I dag kan ein sjå desse i Kvernsteinsparken.



Dronninghaugen i Kvernsteinsparken. Foto: Sigrid Solberg.

Fram til 1100 talet var det utelukkande kvernstein til små handkverner som vart produserte. Då vasskverna for alvor vart teke i bruk, vart det bruk for dei store kvernsteinane. Både små og store kvernsteinar vart produsert side om side heilt fram i nyare tid.

I seinare tid er det gjort fleire nye funn av lokalitetar datert til før 1537 i samband med arkeologiske utgravingar knytt til kvernsteinshistoria.


I steinbrota vart det også produsert steinkar, ljoresteinar, gravheller og steinkors. Sannsynlegvis er døypefonten i Eivindvik kyrkje produsert i Hyllestad.

I perioden 2018-2020 skal fylkeskommunane identifisere kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse gjennom det nasjonale prosjektet KULA (kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse). Norsk kvernsteinsenter er med med i dette prosjektet.

Steinkorsa

Det har vore få spor i Hyllestad etter produksjon av steinkors. Ein teori som har vore sett fram er at korset i Korssund er hogge på Korshaugen, på Hatlem.

Det nærmaste var lenge funnet av eit øydelagd kors på Rønset. Kva steinbrot denne kom frå, har ein ikkje funne. Men i 2008, i samband med arkeologiske undersøkingar på Nygård, kom ein nærast tilfeldig over ein produksjonstad for steinkors.



Kors på Hyllestad gamle kyrkjegard. Foto: Sigrid Solberg.



Meir enn halvparten av av steinkorsa på Vestlandet, frå den første kristninga, er produsert i Hyllestad. Det vart framstilt både mindre kyrkjegardskors og store frittstående steinkors.

Til dømes er Korsa i Eivindvik, Korssund, Vereide, Guddal er alle hogne i Hyllestad. Dei tre korsa på Hyllestad gamle kyrkjegard er den største samlinga av steinkors på Vestlandet. Opphavleg var det 4 kors her; eit i kvart hjørne. Det fjerde korset er hengt opp på ein vegg i Hyllestad kyrkje.

Freda og verna kulturminne

I Hyllestad er det ikkje registrert vedtaks- eller forskriftsfreda bygningar. Følgjande kulturminne har status som verneverdige; Langebua, Hyllestad gamle skule, prestebustaden, Bø kyrkje, Nesje fort og Gamle Foss bru. Bø kyrkjegard, Øn gamle kyrkjestad og Hyllestad gamle kyrkjestad er mellomkyrkjegardar og er såleis automatisk freda.



NR. 30 Hauglandsbua og Langebua i sjøbruksmiljøet i Hyllestadvikja. Foto: Sigrid Solberg.

Kyrkjer og kristenliv



NR. 1 Hyllestad kyrkje med majestetiske Lihesten i bakgrunnen. Foto: Sigrid Solberg ©

I Norge står kyrkjene i ei særstilling som kulturminne. Dei fortel om 1000 års kulturhistorie og er blant dei fremste døma innan arkitektur, kunsthistorie og handverk.

Hyllestad vart eigen kommune og prestegjeld i 1861. Det nye prestegjeldet bestod av dei tre gamle kyrkjesokna Øn, Hyllestad og Bø. Alle dei tre kyrkjestadane hadde vore i bruk sidan mellomalderen, den eldste omtala av kyrkjene i Hyllestad og på Øn er frå 1327-28 og i Bø frå før 1340. Ei av dei største oppgåvene til den nye kommunen dreia seg om kyrkjene. I kyrkjelova frå 1851 var det kome krav om at soknekyrkjene skulle ha plass til ein tredjedel av soknefolket. Dei gamle kyrkjene i kommunen var blitt for små, og i tillegg var dei nedslitne



og forfalne. Det vart fremja forslag om å redusere talet på kyrkjer og kyrkjesokn til to, slik at ein berre trengde å reise to nye kyrkjer. Folket vart spurt til råds og forslaget vart nedstemt. Dermed vart det i løpet av 12 år reist tre nye kyrkjer i Hyllestad kommune, Bø i 1868, Øn i 1870 og Hyllestad i 1880. Dette seier mykje om kor viktig kyrkjene var og kor sterkt kristendomen stod i samfunnet. Å reise tre slike store praktbygg var krevjande for eit folk som stort sett hadde lite overskot.

Alle kyrkjer bygd mellom 1650-1850 har status som listeført kyrkje. Dei er ikkje freda, men er sett på som verneverdige. Nokre kyrkjer som er sett opp etter 1850 er og listeførte. I Hyllestad kommune har Bø kyrkje frå 1868 slik status. Å vere listeført inneber mellom anna at inngrep i eller endringar av kyrkjene skal avklarast med Riksantikvaren.

Kyrkjene sin kulturhistoriske verdi vert regulert gjennom Rundskriv Nr: T-3/00 Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø.



NR. 4 Øn kapell. Foto: Sigrid Solberg.

Prestegard

Alt i mellomalderen vart prestegardane tillagt geistlege stillingar, dels i staden for, dels i tillegg til, løn. Det vart ei praktisk ordning, prestane hadde bustad og storparten av løna si gjennom inntekta frå gardsdrifta. Prestegardane spela ofte ei viktig rolle som lokale senter for kulturell og religiøs verksemd, samt folkeopplysning. Fleire av prestane var mellom anna forkjemparar for skulevesenet.

Då Hyllestad vart eigen kommune og prestegjeld, vart det aktuelt med eigen prest og prestegard. Prestegarden måtte liggje sentralt i høve til hovudkyrkja og garden Myklebust vart peika på som passende. Dette var ein, etter måten, stor gard i Hyllestad og hadde tidlegare vore prestegard, då presten Otte Jonassen, prest i Askvoll i 1653-1688, eigde bruket. I mellomalderen høyrde garden til Munkeliv Kloster i Bergen. Garden vart kjøpt i 1864 og i 1866/67 stod eit nytt våningshus og ny fjøs med låve ferdig. Ulukkeligvis brann våningshuset ned i 1869, og eit nytt måtte setjast opp. I 1870 stod det som i dag er prestebustaden, ferdig. Forutan bustadhuset, var det grisehus, kledebu, eldhus, to vedskur, ei smie og ein potetkjellar som høyrde til prestegarden. Dessutan ei sjøbu, eitt naust og to kvernhus.

Prestegarden i Hyllestad er historie. Som mange andre stader har eigedomen vore utgangspunkt for utviklinga av kommunesenteret. Men prestebustaden er i god stand og vart totalrenovert i 2009, forutan den, er det berre naustet i Myklebustfjøra som står att.



Bilete av prestegårdstunet, truleg kring 1895. Eigar: Magne Åsnes. Fotograf: ukjent.

Eit historisk tilbakeblikk – for nær 100 år sidan:

I 1922 skriv fru Marie Myrstad i eit brev til etterfylgjaren i embetet, Thor Andreas Åberg (1921-29) m.a.: *Udsikten fra prestegården er storskjøn. Men så står også stormene på! Hu! Hvor det kan blåse og regne. Men så kan der også være dager så blanke og fine at der er en fryd. Vi hadde andetak som føk bortover i stormen og regnet strømmet ned i spisestuen og soveværelset. Nu er der skifertak. Vi hadde enkle store vinduer som stormen blåste igjennem slik at vi en nat måtte ta og flytte ind på kontoret da hele soveværelset var som et stormsentrum. Nu er der doble vinduer mot fjorden. Vi måtte bære vand fra elven, og det hendte at pigerne faldt om vinteren, og vi måtte ha veden ute, da vedskuret var så elendig. De må nu arbejde for at få bad. Det var planlagt, men så kom krigen, og vi måtte la det hvile.* (Kjelde: artikkel av Ingemar Nordstrand, Sogeskrift frå Hyllestad, 2001)

Bedehus

Bedehus er ein type forsamlingshus, bygd, eigd og drive av kristne organisasjonar, eller som sjølveigande einingar. Husa blir brukte til små og store møter og andre arrangement, hovudsakeleg innan den lågkyrkjelege lekmannsrørsla. Slike forsamlingshus blei reist frå midten av 1800-talet over heile landet, og er framleis vanleg i heile Norge, men har i dag størst kulturell betydning på bygda.

Den kristlege lekmannsrørsla, inspirert av Hans Nielsen Hauge, vaks fram på 1800-talet og utfordra eineretten prestane hadde til å forkynne Guds ord. Etter at konventikkelplakaten vart oppheva i 1842, vart det fritt fram til å organisere seg og til å forkynne. Misjonsarbeidet blomstra som eit resultat av dette. Dei første misjonslaga i Hyllestad kom på byrjinga av 1860- talet, Misjonsforeininga i Bøfjorden var først ute - skipa i 1861. Kring 1880

vakna interessa for Indremisjonen og utover 1900-talet vart laga betre organisert. I Hyllestad skaut det opp fleire kvinneforeiningar, kvinnelag og misjonsforeiningar tilslutta Misjonsselskapet, Sjømannsmisjonen, Indremisjonen, Samemisjonen eller Kinamisjonen. Emissærar og predikantar reiste frå stad til stad og fortalde om Guds ord. Det var ei stor hending når misjonslaga fekk slike besøk. Først hadde ein møter i private hus eller i skulehus, men etterkvart vart det reist eigne hus, *bedehus*.

I løpet av første halvdel av 1900-talet vart det reist fem bedehus i Hyllestad kommune, Skifjord bedehus i 1914, Ramsgrø bedehus i 1919, eir på Gil i 1919, Løland bedehus i 1923 og Sørbovåg bedehus i 1933/34. Bedehusa var oftast enkle bygg, med ein eller to *salar* til å samle folk, kjøkken, og somme tider også eit galleri. Ute vart det bygd utedo eit stykke unna.

Tre av dei fem bedehusa som vart reiste har enno funksjon som bedehus. To tidlegare bedehus, på Gil og Sørbovåg er ikkje omtala her, då dei ikkje lenger er i bruk som bedehus.



NR. 6 Skifjord bedehus. Biletet er teke søndag 18. februar 2018, då det var basar til inntekt for bedehuset. Foto: Astrid Waage.

Fiskarbonden

Gjennom fleire tusen år har menneska ved kyst og fjord utnytta ressursar frå hav til fjell, for å skaffe seg eit næringsgrunnlag. Denne måten å leve på vert ofte kalla *fiskarbonden*, mat og inntekt vart henta frå både jordbruk og fiske. Så varierte det sjølvsagt, frå gard til gard, kva som var viktigast. Ikkje alle gardar i Hyllestad ligg ved sjøen, her var jordbruk, fjell og utmark dei viktigaste ressursane.



NR. 9 Kulturmiljø på Myklebust gnr. 8/4. Foto: Astrid Waage.

Jordbruk

Fram til midten av 1800-talet var jordbruket organisert etter ein lang tradisjon med klyngjetun og teigblanding. Denne organiseringa oppstod som eit resultat av bruksdeling. Tilbake til jernalderen var gardane store og spreidde. Mange rådde over mark som ikkje vart fullt utnytta og for å møte eit aukane folketal, vart gardane delt i fleire bruk. Kvart bruk hadde mange små, spesialiserte hus til ulike funksjonar. Fram til 1800-talet budde folk flest i enkle røykstover, vidare hadde dei gjerne eit stabbur, eit eldhus og kanskje ei sengebud. Av uthus var det vanleg med ein fjøs til kvart dyreslag, gjerne lafta, og grindbygde løer til høy og korn. Husa låg samla, mest som i ein liten landsby. Andre stader, som i det gamle klyngetunet på Hyllestad, var innhusa samla på ein plass, mens fjøs og løer låg samla eit stykkje unna. Langs kysten omfatta eit felles gardstun ofte også ei klyngje med sjøhus ved fjorden.



NR. 30 Sjøbruksmiljø i Hyllestavikja. Foto: Astrid Waage.

Før reformasjonen var folk flest leiglendingar hos dei store jordeigarane kyrkje, kloster og adel. Utover 1200- og 1300 talet vart det vanleg med ei form for livstidsfeste og til dels arvefeste. Etter reformasjonen i 1536/37 overtok krona mykje av kyrkjegodset. Utover 1600-talet hadde staten behov for pengar og kongemakta selde delar av jordgodset til borgarar og embetsmenn. Rettane til leiglendingane vart stadig betre og i løpet av 1800-talet forsvann leiglendingsystemet og bøndene vart sjølveigarar. I Hyllestad vart kring halvparten av gardane sjølveigargods i perioden mellom 1790 og 1806.

Ei generell folkeauke frå 1500-talet og utover, førte til ei ytterligare oppdeling av bruka. Når så 1800-talet kom, og landet opplevde ei enorm folkeauke, var dei fleste bruka på våre kantar så marginale at dei ikkje kunne delast meir. Dette førte til stadig fleire eigedomslause, som igjen resulterte til ei auke i husmannsvesenet, utvandring til byane og etterkvart til Amerika.

Husmannsvesenet

Husmannsvesenet i Noreg vaks fram på 1600-talet. Bakgrunnen var ei jamn folkeauke, som igjen førte med seg ei auke i talet på folk utan eigedom. Samstundes var det eit stort behov for arbeidskraft på gardane. Ordninga var at husmenn fekk rydde seg ein «plass» i utkanten av garden og setje seg opp eige bu. Både jord og hus vart leigd og betalinga vart gjort ved pliktarbeid og anna arbeid, kontantar og matvarer. Vilkår for husmennene varierte, men på våre kantar var bonde og husmann meir likestilte enn i større skogs- jordbruksområde. Ofte var husmannen i nær slekt med bonden. Frå 1850 og utover avtok ordninga. Gjennom, til dømes, industriarbeid, fiske og utvandring til Amerika, opna det seg andre måtar å livnære seg på. Etterkvart vart ordninga avvikla og nokre av plassane vart eigne bruk. I dag kan ein sjå restar etter husmannsvesenet, også i Hyllestad, i form av ruinar og rydda teigar, i randsonene kring fleire av dei gamle gardane. I kulturminnesøk kan ein til dømes lese om husmannsplassen Labergsbotn under gnr. 1 Laberget.

Langs kysten var det også fleire *strandsitjarar*- jordlause husmenn som livnærte seg og sine ved fiske, arbeid på gardane og tilfældige handverk.

År	Gardbrukarar	Husmannsplassar
1865	234	140
1900	304	35
1930	329	6

Etter tabell 1 i Jordbruket i Hyllestad 1900-1920, s 82. Timberlid, J. A. 2011.

Trass utskiftinga, jordreformer og modernisering, var dei fleste i Hyllestad ved århundreskiftet småbrukarar, med gardar som gav heller dårleg avkastning. Ein var avhengig av at alle ressursar vart nytta, og ofte løna arbeid eller fiske, utanom, for å få det til å gå rundt. Ved inngangen av 1900-talet dyrka dei fleste poteter, havre og bygg. Klimaet og topografien på vare kantar la heller ikkje då det beste grunnlaget for åkerdrift, så husdyrhaldet var svært viktig. Tilgang til vinterfôr og beite var avgjerande for kor mange dyr ein kunne ha. Høyet vart i hovudsak henta frå den udyrka enga på innmarka, men utmarka var også viktig i førsamanheng. Det vart hausta høyt frå stølsvollar og utmarksteigar. I tillegg sank mest alle lyng, ris, lauvskjer, skav, mose, tang og tare. Utmarka hadde også ressursar i form av torv og ved til brensel, tjørebrenning, tømmer til båt og bygningar, jakt og fiske, som var avgjerande for folk.

Arealbruk i Hyllestad (alle tal i mål)							
			Slått			Beiting	
År	Havre	Poteter	Dyrka eng	Naturleg eng	Utslåttar	Dyrka eng	Naturleg eng
1907	913	512	734	10.755	1.009	-	51
1939	584	478	5.693	7.557	1.321	32	296
1969	-	178	7.993	1.967	-	347	4.506
2009	-	-	4.164	1.212	-	-	3.414

Etter tabell 2 i Jordbruket i Hyllestad 1900-1920, s 82. Timberlid, J. A. 2011.

Den aktive bruken av utmarka har sett ulike spor etter seg, klopper over elvar, uteløper til å oppbevare høyr, kulturbeiter, styvingstre, spor i myra etter torvuttak, tjøremiler, murar etter stølshus og steingardar til ulike bruk, for å nemne nokre. I dag nyttar vi utmarka på ein annan måte enn før. Mindre beiting og hausting av andre ressursar, fører til attgroing og mange av kulturminna vert etterkvart vanskelege å få auke på. Etterkvart går også kunnskap om bruk tapt.

«Gull av gråstein»

Om det har vore knappheit på mange ressursar på våre kantar, er det ei ting det stort sett har vore rikelig av - stein. Når bonden braut opp jorda for å lage ny eller større åker og eng, hopa store mengde stein seg opp. På brattlente bruk vart steinen brukt til å laga bakkemurar for å halde jorda på plass. Det er og døme på at ein mura vegar for å få tilkomst til alle deler av garden. Steingardane buktar seg langs bøar, gjennom utmark og over myrer. Dei skulle visa kven som åtte kvar. Og steingarden sytte for at dyra ikkje rota seg over på beitet til nabogarden. Grunna endringar i landbruket, med færre bruk i aktiv drift, og mindre beiting er det ikkje alltid så lett å få auga på steingarden.



NR. 10 Steingard på Eide, gnr. 35/2. Foto: Astrid Waage.

Natursteinen vart også nytta til bygningar. Våningshus og løer vart sett opp på tørrmurar i naturstein, nokre fekk vernemurar og mindre uthus vart bygde av stein. Kjerneområdet for denne tradisjonen er Nordhordaland og Gulen, men også i Hyllestad har ein fleire gode døme. Tradisjonen med å nytte stein som bygningsmateriale kan sporast langt attende, til dømes kjenner ein at langhus frå jernalder har hatt vernemurar av stein på ytterveggane. Truleg var det likevel mest vanleg å byggje tømmerhus i mellomalderen og framover. I alle fall vart bøndene oppmoda av Det Nyttige Selskab i Bergen og Det Kongelige Selskap for Norges Vel i Kristiania, om å byggje meir i stein, på slutten av 1700-talet og utover 1800-talet. Inspirert av opplysingstida var embetsmenn, særleg prestane, opptekne av korleis levекåra til folk flest kunne betrast. Ved å nytte stein i staden for tømmer som byggjemateriale, spara dei skog og dei slapp å fornye tømmerfjøs som rotna på grunn av fukt frå dyra. Fleire av dei prioriterte kulturminna i planen, har stein og tørrmurar som viktige element.



NR. 9 Naust i kulturmiljø på Myklebust. Foto: Astrid Waage.

Fiske

For fiskarbonden var det gjerne fiske som ga klingande mynt i kassa. På våre kantar gjev verken klima eller topografi dei beste forholda for eit storstila jordbruk og for gardane ved sjøen var fiske ein stor del av økonomien. Følgjande døme frå bygdeboka syner eit eksempel på dette:

Folket i Bordvika har ikkje berre vore opptekne med gardsdrift. Sjøen har her bydt på vel så godt utkomme. Eit skifte frå 1749 syner klart kvar ein skuldfri bruka henta inntekta si. Det Hans Hansson då let etter seg, var ein seksæring, ein femkeiping, ein slagkeiping med segl, vintersildgarn og bolck av ei not. Han åtte berre ei ku. Ho gav neppe innkome nok til å skaffe kona Agata klesplagg av flandersk stoff! (Hyllestad bygdebok, bd 1).

Hyllestadfjordane var fiskerike og med eit mangfald av artar, særleg sild, laks og torsk gav grunnlag for lokale sesongfiskeri. Ein del av mennene på gardane reiste også på vinterfiske, og var mannskap på sjø og land til sesongfiskeria etter storsild og torsk for fiskerisamfunn som Bulandet, Værlandet og Solund. Det er også døme på at folk frå Hyllestad var engasjert med eigne båtar og bruk til vintersildfiske. Dei fleste fiska likevel lokalt i fjorden, med heimegarden som base.



Sildefiske i Selvika, kring 1920. Foto: Bjarne Råsberg.

Småsild og brisling vart fanga med not. Før kunstfiberen kom, vart det nytta naturfiber, som hamp eller bomull. Nøter vart bundne heime på gardane, dei som var med i eit notlag, eigde gjerne kvar sin bolk og hadde ansvar for vedlikehald av denne. Nøtene vart impregnert, *barka*, for å hindre råte. Som barkemiddel vart det først brukt avkok av lauvtre, seinare nytta ein blåstein. Dette gjekk føre seg i *barkekar* eller *blåsteinskar*.



NR. 15 Blåsteinskar i Freklevågen. Foto: Astrid Waage.



Nothengje. Foto: Fylkesarkivet i Vestland.

Til nøtene hadde ein også *nothengjer*. Ei nothengje var eit byggverk til turking av nøter, plassert i sjøkanten, slik at nøtene lett kunne takast i land eller om bord i båten. Nothengjene vart teke i bruk på 1900-talet då nøtene vart større enn før. Nøter som ikkje var i bruk vart oppbevart i ei notbu eller ei sjøbu. Det vart nytta nothengjer både til landnøter og til snurpenøter. Ofte var det same eigarskap til not, fartøy og notheng. Det kunne vere fleire eigarar som gjekk saman i eit notlag, eller det kunne vere ein som åtte alt saman. I dag er det ingen heile nothengjer å sjå, men kanskje ein kan sjå restar nokre stader?

For dei gardane som låg slik til at laksen vandra forbi, var rett til laksefiske eit viktig privilegium. Sjølv om det har blitt fiska etter laks frå gammalt av, var det først i andre halvdel av 1800-talet det vart ei viktig næring. Då kom meir effektive fangstmetodar i bruk, ved sitjenota (gilje). Vidare utover 1900- talet vart kilenota den mest utbredde fangstreiskapen i Hyllestad. Laksefisket i Hyllestad var på topp i 1950 åra og i 1957 var det totalt 403 enkle kilenøter i Sognefjorden, 83 av desse høyrde til Hyllestad, berre Gulen hadde fleire. Utbyte av laksefiske kunne enkelte år gje betre avkasting enn gardsdrifta. Det vert mellom anna sagt at bruka i Brensdalen ikkje kunne ha lønna jente og dreng utan inntektene frå laksefisket. Laksefisket bar likevel med seg ujamn avkasting og det var svært arbeidskrevjande.



Gilja på Beksneset, Brennsdalen. Her haldt ein utkikk etter laksen som går i sitjenota. Foto: Audunn Aas, henta frå Fylkesarkivet i Vestland.

Nausta er sjøhus for oppbevaring av båtar og fiskereiskapar. Gavlen som vender mot sjøen har stor dør med plass i breidda til ein båt. For å kunne vedlikehalde tradisjonelle norske trebåtar spela nausta ei viktig rolle, fordi ein med jamne mellomrom måtte ha båten på land. Ein hadde og gjerne fleire båtar som ein bruka vekselvis. Truleg er nausta like gamle som den klinkbygde båten, og bygga har gjerne god lufting for at båt, garn, not, line og snøre skal kunne tørke innandørs. Ein kan klassifisere naust etter bygningskonstruksjon eller etter bruk/funksjon. I Norge har det tradisjonelt vore tre ulike metodar ein har bygd naust på: grindnaust, tømmernaust og steinnaust. Kvar naustet skulle liggje, og tilgang til byggemateriale har vore det mest avgjerande for kva materiale ein brukte, og det var ikkje uvanleg med kombinasjonar.



NR. 13 Naust på Gil. Foto: Astrid Waage.

Ein hadde også andre brukshus ved sjøen: sjøbu, notbu, egnebu og saltebu. Husa kunne ha fleire funksjonar samtidig, eller dei kunne endre funksjon over tid. Ofte vart husa samla og dannar i dag kulturmiljø med fleire hus, strandlinje og gjerne andre anlegg som vorar, støer, kaiar, moloar og slippar. Kulturlandskapet langs strendene våre er i endring, noko som gjer slike slike sjøbruksmiljø sårbare.

Skular, lag og foreiningar

Den første skulelova i Norge kom i 1739 og viste til skuleplikt frå 7 års alder for alle «som kand søge Skole» og minst til dei var 10-12 år gamle. Det viktigaste faget var kristendom, men det vart også lagt vekt på lesing, skriving og rekning. Denne eldste skulen var ein *omgangsskule*, det vil seie at det vart gjeve undervising i bustadhus, på omgang, i dei ulike krinsane. Det var presten som hadde ansvar med å opprette skular og ha tilsyn med undervisinga, som klokkaren stod for.

I 1860 kom *Fastskulelova* og med den eit kom eit viktig skilje i norsk historie. Kvar kommune vart delt inn i krinsar, der det budde minst 30 barn, skulle det gjevast undervising i oppført eller leigd lokale. Det vart likevel gjeve unntak for spreidde strok, der kunne omgangsskulen fortsetje. I frå byrjinga av vart det lagt opp til at Hyllestad kommune skulle delast inn i 14 krinsar.

I alt har det vore 26 ulike skulekrinsar i Hyllestad. Talet på krinsar har variert opp gjennom åra, og kva grender som har høyrte til den einskilde krins har også variert. Det viser følgjande dømme frå Leirvik/Heggebø:

Heggebø/Leirvik krins var i 1861 ein del av krins nr 14 med Handal, Ås, Foss, Stigestrand, Leirvik, Indre-Ytre Bø, Løvås, Haukås, Hatleli, Lonebotn, Heggebø, Djupevik, Bråstad, Tveit og Brendesdal. I 1862, vart Tveit og Brendesdal delvis lausrive med seks veker heimeundervising og fire veker i Heggebø. I 1864 vart krinsen delt og det som var igjen i Heggebø krins var Ruskedal, Ytre Bø, Indre Bø, Leirvik, Heggebø og Bråstad.

Frå 1864 til 1884 var Handal eigen krins, og dekkja Handal, Aas, Foss, Løvås, Lien og Loneboten.

I 1884 vart det bygd felles skulehus for Heggebø og Handal og krinsane vart slått saman. Skulehuset vart flytta til Leirvik i 1909, og krinsen vart etter kvart heitande Leirvik krins.

Frå øvre hald vart det utarbeida forslag til standardiserte skulehus, der det vart lagt vekt på mellom anna lys og hygieniske forhold. Husa var enkle, oftast eit klasserom, gang og eit lærarrom, karakteristiske med store, tett samanstilte vindauge. Slik vart det oppført ei rekkje nye små, kvite *skulehus* over heile landet frå 1860-åra og utover. I Hyllestad vart det i tida frå 1880-åra og fram til 1910 bygd skulestover slik; Ulvik (1864), Heggebø (1884), Hyllestad (ca 1890), Birkeland (1892), Lifjorden (1894), Hatlem (1907), Vassenden (1910) og i Skor (1910).



NR. 21 Hyllestad gamle skule. Foto: Sigrid Solberg.

Kvar kommune skulle ha ein skulegard, og då Hyllestad vart eigen kommune, vart skulegarden lagt til Ulvik, utskild frå bruk nr. 3 i 1864. Ulvik skule vart nedlagt då skulehuset på Øen stod klart i 1928. I 1932 vart skulegarden seld. Året etter gav Mary og Magnus Rye skulehuset i gåve til Øns Indremission. Skulehuset vart bygd om til bedehus, og fungerte som Sørbøvåg bedehus fram til 2014.



Ulvik skule, tatt kring 1930. Fotograf: Bjarne Råsberg, henta frå Fylkesarkivet i Vestland.

Med eigne skulebygg vart tilhøva for både lærar og elevar betre. Innhaldet i undervisinga endra seg også, skulen skulle ikkje lenger først og fremst gje kristendomsopplæring, men også allmennopplysning. Talet på skuleveker auka, lærarutdanninga vart betre og det vart utarbeida nye felles lærebøker som etterkvart vart referanseverk for heile landet. Frå først av hadde Hyllestad 8 lærarar, i 1891 hadde talet auka til 12. I 1900 kom det og tilbod om 10-12 vekers framhaldsskule. I åra 1891 til 1905 låg det samla elevtalet mellom 400 og 500 og kommunen var no delt opp i 21 krinsar.

Skulevegen er og ein del av skulehistoria. Dette er levande fortalt av Reinhard Høydal i heftet «Tilbake til barndomsdalen»:

«Du fekk same boka med deg i ranselen, saman med tavla og griffelen, niste og sokkebyte den haustdagen du skulle i Sundbotten på første skuleturen din. Det var omgangsskule i barndomslandet endå. Mor rista på hovudet og var på livet for vegen over heia. Men du gledde deg. Du hadde følgje med andre som skulle i veg for første gong, og med jenter og gutar som kjende vegen og hadde gått han i mange år nå. Det bar inn i Dalen og opp lia. Bratt var der, men markavegen gjekk i svingar og tropper, det var høg vekk eine og jamna på steinar, du kunne trø trygt. Så var du oppe på bruna og kunne snu deg og sjå heim. Det rauk or skorsteinen, sola skein over bleike bøyar og grøngule havreåkrar. Somme stader stod kornet på staur.»



NR 18. Øn gamle skule. Foto: Astrid Waage.



NR. 22 Skor gamle skulehus. Foto: Oddhild D. Engedal.

Lag og foreiningar

I Norge vaks frivillige lag og organisasjonar fram parallelt med samfunnsendingane frå midten av 1800- talet og utover. Forutan lekmannsrørsla, omtala under *Kyrkjer og kristenliv*, stod fråhaldsrørsla, norskdomsrørsla og kristlege og- frilynte ungdomsslag sterkt på våre kantar. Dette var rørsler som var drivne fram av folket - viktige samfunnsoppgåver skulle løysast og folket var innstilt på å løfte i flokk. I byrjinga var rørslene i stor grad knytte til både læraren og skulehusa. Læraren hadde ofte ei sentral rolle, som både leiari og inspirator, og skulehusa


////////////////////////////////////

vart nytta til samlingsstad. Etterkvart vart skulehusa for små og eigne forsamlingshus vart reist. Fram til 1920 var forsamlingshusa likevel relativt små, med ein mindre sal med kjøkken. Etterkvart som aktiviteten auka vaks storleiken på salane, det vart bygd scene og galleri, og ein hadde gjerne ein talarstol som kunne løftast opp på scena når viktige talarar vitja.

Ungdomslaga i Hyllestad kommune vart skipa frå 1906 og utover. Det første ungdomshuset kom i Bøfjorden, det var i 1929. Fire år seinare tok Øen ungdomslag i bruk ungdomshuset Vonheim. Forutan at ungdomshusa har vore brukt til laga sine eigne aktivitetar, som lagsmøte og festar, har dei vore nytta til andre lag sine aktivitetar. Ungdomshusa har også vore gode å ta til private samkomer, som bryllaup, fest ved runde dagar eller konfirmasjonar.



NR. 26 Ljosheim. Dei frilynte ungdomslaga stod gjerne som motpol til dei kristlege, som sprang ut i frå indremisjonsrørsla. Dei frilynte var meir knytt opp mot tankegodset til folkehøgskulane og arbeidde for dei nye tankane- målsak, politisk fridom og eit lettare kristendomssyn. Sett frå eit meir pietistisk synspunkt dreiv mange av dei frilynte laga med aktivitetar som vart sett på som syndige- som til dømes dans og skodespel. Foto: Oddhild D. Engedal.



NR. 29 Åfjorddalen Ungdomshus. Foto: Oddhild D. Engedal.

Samferdsel, handel og kommunikasjon

For folk ved kysten og fjorden, var sjøen frå gamalt av den viktigaste transportåra. Køyrbare vegar var eit fåtal før midten av 1800-talet og hjulreisskap var slett ikkje allemannseie. Båt derimot, hadde dei fleste som var nær vatn eller sjø. Når folk skulle til kyrkje eller hadde andre ærend, sigla eller rodde dei. På sentrale stader vart det bygd steinbryggjer/ landingsplass. Dei var mura opp på ein slik måte at det skulle vere lett å legge til og frå land med småbåt, uansett om det var flo eller fjøre.



NR. 30 Sjøbruksmiljø i Hyllestadvika. Steinbryggja mellom Hauglandsbua (til venstre) og Langebua. Steinbryggja vart nytta når folk kom til sjøs i samband med ulike ærend i «kommunesenteret» på Hyllestad garden eller skulle til kyrkje. Foto: Astrid Waage.

Havet som kommunikasjonsåre førte til at det vart utvikla los- og fyrverksemd, for å gjere ferdsla på sjøen sikrare. Også i Hyllestad er det plassert fyrlykter, lanterner og blinkar på strategiske stader. Offentlege fortøyningsboltar var også ein grunnleggjande del av den maritime infrastrukturen. Plassering av slike har ei fleire hundre år lang historie. «Ringvæsenet» vart etablert i 1735 og fekk ansvar for å setje ned fortøyningsboltar og bruken av desse. Frå 1860 overtok Fyr- og Merkevesenet, før Satens Havnevesen til slutt tok over i 1922. I 1950- åra vart det slutt på vedlikehald av offentlege fortøyningsboltar.



Fortøyningsbolt i Selvika, truleg sett opp i tida etter 2. verdskrig. Foto: Leif Jørgen Akse (henta frå Kulturminnesøk).

Langt tilbake i tid det vore utstrakt varebyte mellom kystbygdene, fjordbygdene og Bergen. Fiske- og gardsprodukt vart bytte med varer ein ikkje hadde tilgang til lokalt og varene vart frakta med jekter og små seglbåtar.

Frå midten av 1800- talet og ein periode framover var det gode sildeår, noko som førte til optimisme og investeringar på både sjø og land. Fram til midten av 1800- talet vart mykje av silda frakta fersk til Bergen eller omsett lokalt. I den rike vårsildperioden frå 1850 til 1870 vaks sildesalting fram som eiga næring og det vart bygd salteri. Silda vart no, i større grad, kjøpt opp, salta og og pakka i tønner, lokalt, i eigne sjøbuer. I fleire av desse sjøbuene var det også landhandel.

På byrjinga av 1900- talet vaks også handel med laks fram som næring. Betre fangstmetodar førte til større fangst og ei viss organisering av sal av laks. Laks vart kjøpt opp lokalt og vidareselt, for det meste til Bergen, men det var også eksport av laks til England. Laksen vart oppbevart og pakka i sjøbua. Dette gjorde det nødvendig med ishus, ofte eit eige rom i sjøbua.



NR. 32 Ivershamnbua. Foto: Astrid Waage.



NR. 31 Sjøbua på Laberget. Foto: Astrid Waage.

Frå midten av 1800-talet skjedde det fleire endringar i samfunnet, også i forhold til handel og transport. Dei fyrste dampskipa byrja å gå i rute langs kysten og det kom ei gradvis oppmjuking av dei strenge handelslovene. Dette la til rette for auka handel. Samfunnet var i gang med omlegging frå natural- til pengehushald og for bøndene var det om å gjere å få selje noko av overskotet sitt. Med dampbåten vart dette enklare. Bøndene selde av overskotet sitt frå jordbruksvarer som kjøt, smør og ost. Det vart hausta bær og frukt for sal, i utmarka henta dei ved, never og bork. Jektefarten heldt likevel fram, særleg med varer som krov mykje plass. Ved folketeljinga i 1900 var det sju personar som titulerte seg som jekteførar eller mannskap i Hyllestad, alle på gardane Sørbø og Rysjedalen. Frakt av gods, fisk og passasjerar vart etterkvart ei næring i Hyllestad og i første halvdel av 1900-talet var det fleire «reiarlag» i kommunen.



Kring dampbåten sine stoppestader vaks det ofte opp ein eller fleire landhandlar, gjerne eit bakeri, postopneri og seinare postkontor, likeeins med telegraf og telefon. Først vart dampbåten ekspedert ved småbåtar, men seinare vart det bygd kaier båten kunne leggje til. Dampskipskaia vart etterkvart eit viktig møtepunkt og det vaks fram eit lite bygdesenter. Den rutegåande trafikken på sjøen var viktig for det lokale næringslivet og det var ofte ein kamp om å få stoppestad til si bygd. I Hyllestad kommune har det fram igjennom vore 15 stoppestader, medrekna mindre ruter og kortvarige stoppestader.

Frå 1960- åra gjorde privatbilismen sitt inntog i Noreg og etterkvart vart vegnettet i distrikta utbygd. Dette påverka båtrutene, gamle stoppestader mista ruter og vart etterkvart nedlagde. Utbygging av vegar og bilen sitt inntog, endra kva som vart sett på som «sentral plassering».


Vegar

Postruta Bergen- Trondheim vart opna som landpostrute i 1785 med postgang ein gong i veka. Postopnaren i Leirvik, Kaptein von Holck, var sterkt medverkande til at traséen vart lagt frå Leirvik (posten kom med båt hit frå Rutledal), via Skor til Espedal, Rennestraum og Flekke i Fjaler og vidare til skysstasjonen Tross i Dale. Postvegen i Hyllestad vart bygd i perioden 1801-1806.

Elles var vegnettet i Hyllestad lenge heller dårleg utbygd. Båten var vel og bra som transportmiddel, men det kunne det vere farefullt og ruskete å leggje ut på. Ikkje alle bygder låg ved sjøen heller og det var behov for vegar til dampskipskaiene og som knytte bygdene saman. Nye og betre veglover (1824 og 1851) fordelte ansvar for bygging av vegar mellom regjering (hovudvegar) og amt (bygdevegar) og det kom etterkvart vegplanar frå både amt og kommune. Kring århundreskiftet vart det reist ei rekkje vegkrav frå folk i Hyllestad, men det var heller lite pengar å hente frå det offentlege, så det var ofte strid om løyvingane. Bygging og vedlikehald av vegar vart til ut på 1900-talet i stor grad gjort ved pliktarbeid. Bøndene var forplikta til å arbeide eit visst tal dagar utan løn. Vegane var delt inn i róter, som vart fordelt på grender eller eit visst tal gardar. Pliktarbeidet kunne vere ei tung byr for bøndene å bære, særleg i onnene.



NR. 36 Salbu bru, einaste kvelvingsbrua i Hyllestad, bygd i 1908. Foto: Oddhild D. Engedal.




Vegkart frå 1919. Syner eksisterande vegar i Hyllestad og kommunen sine ynskjer og planar for vegutbygging. Henta frå «Bilens inntog i Hyllestad» av Ingemar Nordstrand (2008).

Teknikk og industri

I løpet av 1800-talet opplevde folk store endringar i økonomi og levevis. Ein del av endringane var at ein byrja å nytte maskiner og mekanisk drivkraft i produksjon av varer og det vaks fram små og store fabrikkar. I Noreg byrja ein å for alvor å utnytte vasskrafta som drivkraft til maskiner mot midten av 1800-talet og typisk lokalisering for fabrikkane var ved store elvar som gav kraft til å drive turbinane til maskineriet.

Vasskraft- grunnlaget for industri

Den første «industrien» på bygdene byrja likevel lenge før. Alt tilbake til mellomalderen har dei talrike elvene i landet vore nytta som drivkraft til vasskverna. Ho avløyste handkvernene som kunne vera eit slit å dra. Korn var ein vesentleg del av kosthaldet, men for at det skulle kunne nyttast, måtte det knusast. Gardskvernene var såleis ei svært viktig innretning fram mot byrjinga av 1900-talet. I følge 1934 utgåva av boka «Mylnor og kvernar i Noreg», var det i 1927 i alt 90 gardskverner i Hyllestad kommune. I 1927 vart det innført ei ordning med at bønder som leverte korn til ei bygdemølle, fekk betalt ei kornavgift frå staten. Det var to bygdemøller i Hyllestad; Leirvik mølle og Skifjord mølle. Også møllene vart drifta av vasskraft. Mølla i Leirvik kan ein framleis sjå ved Ås, men den er i sterkt forfall. Etter at kornavgifta vart innført vart dei gamle kvernene berre starta opp att når det skulle grovmalast korn til dyrefor eller malt til heimebrygginga. Då krigen kom, vart kvernene plomberte av okkupasjonsmakta.



NR. 37 Kvernhuset i Systaddalen. Foto: Astrid Waage.

Ei vidare utnytting av vasskraft var oppgangssaga, som kom til Noreg på 1500-talet. Vatn frå større elvar og fossar vart nytta som drivkraft og frå no av kunne ein enklare skjere plank og bord. Sagbruksnæringa var regulert fram til midten av 1860-åra, det vil seie at for å skjere tømmer til eksport måtte ein ha *sagbruksprivilegium*. I 1818 kom ei lov som gjorde trelastomsetjinga friare og i 1860 vart sagbruksprivilegia heilt oppheva.

Bygdesaga på Tveit

I 1788 kjøpte Lasse Nilsson Tveitgarden av godseigar Knagenhjelm og vart sjølveigar. Sidan sagbruksnæringa var regulert, måtte han sende søknad til amtmannen då han ville setje seg opp ei sag under Tveitsfossen. Amtmannen avsto søknaden med grunngjevinga at dette kunne medføre avskoging. Bygdefolket fann dette urimeleg, næraste sagbruk låg på Østerbø. Ein ny søknad vart sendt inn, denne gong med støtte frå mellom anna kaptein Holck. No vart søknaden innvilga og tinglyst på tingstaden i Verholmen 7. juli 1791.

Ei oppgangssag vart bygd og sagbruket utvikla seg til å bli det største utanfor Vik. Næringa ga grunnlag for vekst og velstand på garden, plassfolk og tenarar fekk moglegheit for løna arbeid og andre skogseigarar i området fekk kortare veg for å skjere tømmer.

Kring 1890 vart saga ombygd til sirkelsag og flytta ned til stranda. I dag kan ein enno sjå restar etter steinkar som bar vassrenna ned til saga (Haukøy 2003).

Skog var ein ressurs for fleire gardar i Hyllestad, og det vart sett opp gards- og bygdesager ved fleire elvar. Vidare utover mot slutten av 1800-talet vart vasskrafta nytta til fleire ting, som tøyampe og til tresking og dryfting av korn. Ved fleire elvar og fossar utvikla det seg vassbruksmiljø, med ulike kombinasjonar av kvernhus, sag og stamper. Det mest kjende og best bevarte vassbruksmiljøet i Hyllestad er i Skor (eit av dei prioriterte kulturminna). Eit mindre godt bevart døme er i Skifjorden, langs Sellevollelva, der det er murar etter både kvernhus, sag og demning og endåtil ein kraftstasjon (frå 1931), som siste ledd i utnyttinga av vasskraft.



NR. 40 Vassbruksmiljøet i Skor. Foto: Sigrid Solberg.

Handverk og industri

Kring århundreskiftet var hovudnæringane i Hyllestad stadig jordbruk og fiske, men for mange var det tronge kår og det vart produsert ymse husflidsartiklar og bruksting kringom på gardane, både til heimebruk, men også for sal. Kvinnene jobba med saum, veving og strikking, og karane helst med trearbeid eller smedarbeid.

Dei første industribedriftene i Hyllestad var, naturleg nok, tufta på lokale ressursar og etterspørsel. Geologien i Hyllestad hadde lenge vore grunnlag for ei stor næring, produksjon av kvernstein. Elles vart klebersteinførekomstar nytta til uttak av notastein og lokal kalkstein vart nytta av Smilden Kalkbrenneri, som i 1890- åra starta med produksjon av mur- og gjødselkalk.

Elvar kringom i kommunen hadde i lang tid vore nytta til å drive sag, og frå byrjinga av 1900-talet og utover, vaks det fram fleire sagbruk og andre verksemdar knytt til trearbeid. Av dei største var firmaet A. & G. Storaker, ei trelast og trevare forretning i Storakersund med sagbruk, høvleri, snikkarverkstad og trelastlager. Vidare etablerte Andreas Gjertsen eit lite industrisamfunn på Salbu med sagbruk, høvleri, trelastforretning, tønneproduksjon, såpefabrikk, ullvarefabrikk, farger og saftfabrikk. Noko seinare kom Skifjord Kassefabrikk, som omfatta sagbruk, Skifjord Mølle og 1/3 av Skifjord Trevarefabrikk.


I 1914 overtok Jonas Løland og Lasse Nes eit sagbruk og ei mølle ved Bøfossen. Her dreiv dei med mellom anna smedarbeid og produksjon av trillebårer, vognhjul og turbinar til små kraftverk. Dette skulle bli byrjinga på eit industrieventyr- frå Løland motorverkstad til dagens skipsverft Havyard Ship Technology AS (sjå avsnitt under).

Desse fire lokale verksemdene introduserte nokre av dei første elektrisitetsverka i kommunen, basert på lokal vasskraft og produserte straum til bedriftene og husstandane rundt. I 1939 vart L/L Hyllestad Kraftlag skipa og i løpet av 1940- og 50 åra bygde dei ut forsyningsnettet i kommunen.

Mot slutten av mellomkrigstida og utover starta det opp fleire småbedrifter i kommunen, mellom anna P.& M. Eides Kloggefabrikk, Å. Høydal Skoverksted, Åfjordstranda Skofabrikk A/S, Steiestøl Trevarefabrikk og Drøsdal Trevareverkstad. Ei stadig motorisering av fartøytøy og landbruksmaskiner opna opp ein marknad for bilverkstad og reoperasjon av landbruksmaskiner, i 1942 opna Kristoffer Salbu ein på Salbu.

Båtbygging

Den største industribedrifta i Hyllestad i dag er skipsverftet Havyard Ship Technology AS. Historia til det moderne skipsverftet på Kjøreneset starta i smia på Øyna på Løland. Jonas Løland var kjent som ein solid handverkar i smedfaget. I smia produserte han mellom anna kyrebjøller, beslag til vognehjul og rør- og mastebeslag til sognejakter. I 1914 kjøpte Løland, saman med Lasse Ness, ei kvern og eit saghus ved Bøelva. Her vart det sett opp verkstad og smie, utstyrt med dreiebenk med verktøy. Jonas dreiv først og fremst med smedarbeid, mens Lasse laga trillebårer og fisketønner. Nokre år seinare skilde dei lag, og i 1918 gjekk Jonas saman med Knut Wolf og Eivind Bekken og bygde patentslipp nedanfor skulehuset i Leirvik. Dette vart starten på ei ny fase og er rekna som startåret for Løland Motorverkstad. På denne tida skaut motorisering av fiske- og fraktfartøy fart. Dei første motorane hadde stort behov for reparasjon og utskifting av delar. På slippa ved Løland Motorverkstad kunne Jonas og sønene dra opp båtar til opp til 60 fot og utføre reoperasjonar og skifte av motor og propellar, samt anna vedlike- og reoperasjonsarbeid. Det er ikkje usannsynleg at Jonas var den første i Sogn som monterte båtmotorar.



NR. 45 Murar etter verksemda til Jonas Løland ved Bøelva. Foto: Astrid Waage.

I 1928 bygde Jonas og sønene eit kraftverk i Bøelva som forsynte verksemda og husstandane rundt, med elektrisk kraft. Jonas Løland hadde i åra 1907-10/11 jobba som smed under oppbygginga av Vemorkanlegget på Rjukan og lært seg å lage vassrør. Jonas og sønene leverte røra til andre små kraftverk i Sogn og Fjordane og var såleis sentrale i den tidlege kraftbygginga.

På same tida hadde han fått leige grunn litt lenger ute, på Indre Bø og i dei neste 50 åra vart dette staden for motorverkstaden. Det vart sett opp nye verkstadbygg, bustadhus, slipp og bedding. Fram til kring 1950, var båt- og motorreoperasjon hovudaktiviteten. Utover 1950- og 60 åra vart motorane av betre kvalitet og det vart mindre behov for reoperasjonar og utskifting. Produksjonen vart meir og meir dreia mot båtbygging. I 1938 vart den første båten bygd, «Loftenesferja» og frå 1953 vart det levert nybygg kvart år. Namnet vart endra til Løland Verft A/S, arbeidstokken auka og mot slutten av 1960-åra var verkstaden godt etablert som skipsbyggjar med godt renommé. Etter 1978 har produksjonen føregått på Kjøreneset.

Båtbyggjartradisjonen i Hyllestad er likevel eldre og famnar breiare enn skipsverftet Havyard. Båten var

umåteleg viktig for folk, både i forhold til transport av folk og varer, men også for å komme seg ut på fiske. Nausta ved sjøen var fylt av ulike båttypar til ulik bruk og på fleire gardar kringom kommunen vart det bygd båtar, både til eige bruk og for sal. På Tveit utvikla det seg til dømes eit båtbyggjeri i fjøra ved sagbruket, på slutten av 1800-talet. Tre brør frå Rosendal, kom hit som fagfolk, og saman med karane på Vetlebøen vart det bygd jekter. I 1903 vart jekta «Evina» bygd. Med ei lengde på 64 alen var ho ei av dei største jektene som vart bygd her. Etter kvart forsvann mange av dei gamle segljektene, fordi dei vart skifta ut med motorbåtar. Eit utval av båtbyggjeria er skildra nærare i lista over prioriterte kulturminne, del 3.



NR. 43 Bråstad Båtbyggjeri. Foto: Oddhild D. Engedal.

Krigsminne

Hyllestad kommune ligg strategisk til ved innseglinga til Sognefjorden. Etter den tyske okkupasjonen i april 1940 starta den tyske marinen bygginga av eit kystfort med tre kanonar på Nesje. Dette skulle, saman med eit torpedobatteri i Rutledal, sikre tysk kontroll med innseglinga til Sognefjorden. Denne kontrollen var særleg viktig for å hindre allierte strykar i å nå inn til Lærdal og heilårsvegen over til Austlandet. Vidare var Vadheim både forsynings- og kommunikasjonsknutepunkt for dei tyske styrkane, og såleis viktig å beskytte.

Hyllestad vart ein sentral stad for det tyske forsvaret av Sognefjorden. Frå 1942 samla leiinga av kystforsvaret i området, stabane sine her og i 1943-44 var 600 tyske soldatar utplasserte i kommunen. Forutan kystfortet på Nesje, vart det etablert 4 leirar: Hyllestad leir 1941, Søre fjord leir 1943, Løland leir 1941-42 og Leirvik leir 1943.

Dei tyske soldatane trong ein stad å bu og før dei fekk bygd brakker, vart skular og private hus over heile kommunen, i periodar, rekvirerte til innkvartering. Etableringa av kystfortet på Nesje og dei fire leirane utløyste ein stor byggeaktivitet i kommunen, i trange tider var dette, ofte kontroversielt, ei god sysselsetjing for mange lokale arbeidarar.

Forutan nærveret av dei tyske soldatane, kystfortet og leirane, prega krigen kvardagslivet til folk også på andre måtar. Det kom ei rekkje påbod og forordningar frå den tyske okkupasjonsmakta og dei lokale lensmennene fekk i oppdrag å gjere dette kjent for folk. Det kom påbod om blanding, grensebuarbeis, passkontroll, portforbod og kom spesielle reglar for jakt og fiske. Det var ikkje lenger lov å samlast til fest og moro og alle radioar vart inndregne. Vidare var det knappheit på varer og rasjoneringar på daglegvarer, klede, sko og drivstoff vart innført. Hyllestad Forsyningsnemnd, oppretta i 1939, hadde ei viktig rolle med utskriving av

rasjoneringskort. Lensmannen i Hyllestad fekk også i oppgåve å registrere alle motorfartøy i kommunen, i lista frå lensmannen var det i alt 43 fartøy, flest fiskebåtar. Truleg vart denne lista brukt når okkupasjonsmakta rekvirerte fartøy til sitt bruk.

Etter krigen vart brakker og lausøyre seld til inntekt for staten. Brakkene var ein stor ressurs og til saman 72 bygningar vart selde eller gjeve bort. Kommunen fekk behalde 23 av desse, brakkene vart mellom anna nytta til bustader og skule og ungdomslaga på Hyllestad, Åfjorddalen og Lifjorden fekk ei kvar. Den tidlegare tyske offisersbrakka på Myregjerdet, vart mellom anna sete for kommunen sine folkevalde fram til desember 1971. I dag er kystfortet på Nesje det best bevarte kulturmiljøet frå 2. verdskrig. Bygningsmassen i Løland leir vart seld etter krigen, men fundament, grunnmurar og trapper er godt synleg. Området er i dag utmark og utan moderne inngrep. Det er også godt bevarte minne på Myklebustneset.

Krigsminna, og særleg festningsverka, er ofte monumentale og godt synlege kulturminne. Dei er pedagogiske ved at føremålet ofte kan lesast og forståast på staden: til dømes kanonstillingar plasserte i terrenget slikt at ein kan rette eld mot trafikk langs kommunikasjonsårer. Festningsverka er også ei viktig kjelde til utfyllande kunnskap om 2. verdskrig. I 2015 var det 75 år sidan 2. verdskrig starta i Noreg og Riksantikvaren hadde i samband med dette krigsminne som satsingsområde. Sjølv om satsinga er avslutta held ein fram med høgt fokus på krigsminna. Dette inneber oppmoding, støtte og tilrettelegging for kartlegging og formidling.



NR. 49 Maskingeværstilling på Myklebustneset. Foto: Oddhild D. Engedal

Immaterielle kulturminne

Fotosamlinga til Hyllestad kommune

I samband med utgjevinga av bygdebøkene vart det registrert kring 700 fotografi. I åra 1994-96 deltok kommunen i Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane sitt «Prosjekt Fotoarkiv». Då vart det registrert kring 2000 fotografi. I det lokalhistoriske magasinet Gluggen vart det i åra 1996-2003 presentert om lag 600 bilete frå dette prosjektet

I tillegg inneheld fotosamlinga kring 300 bilete teke av den lokale fotografen Bjarne Råsberg.

Fotograf Bjarne Råsberg (1900-1942)

Bjarne Råsberg arbeidde på aluminiumsfabrikken Naco i Høyanger, men måtte slutte grunna alvorleg tuberkulose. Ved opphald på sanatoriet i Luster fekk han interesse for og kjennskap til fotografering. Elles var han sjølvlærd i faget, men bileta fortel om eit profesjonelt blikk for kvalitet og nøyaktigheit. Framkalling, kopiering, forstørring og innramming av bilete dreiv han også med. Eit enkelt kasseapparat var det første han hadde, seinare vart apparata meir avanserte. Råsberg reiste rundt i kommunen, og elles i Lavik og Fjaler. Han vart engasjert til å forevige bryllaup, barnedåp, konfirmasjonar og gravferd. I samlinga finn vi og bilete av skulegrupper, bygdefolk i ulike arbeidssituasjonar, og frå festlege høve. Han dokumenterte også bygningsmiljø og kulturlandskap. Bileta hans er såleis å finne kringom i mange heimar i kommunen.

Stadnamn

Det tidlegaste kulturminnearbeidet ein kjenner til er Andreas Eide (1874-1923) si stadnamninnsamling i 1928. Han var lærar på Skor og Løland, og svært interessert i stadnamn.

Historikar og språkforskar Gustav Indrebø som var leiar for Norsk stadnamnarkiv sette i 1931 i gong ei landsomfattande innsamling av stadnamn. Denne blir kalla «skuleborn-innsamlinga» fordi det var skuleborn som stod for arbeidet. I Hyllestad samla skuleborn inn stadnamn 1931/32.

I 1985 var Sogn og Fjordane eit av fylka som sette i gong med ny innsamling av stadnamn. Arbeidet i Hyllestad kommune vart gjort i 1985/86 og 1993. I alt vart det totalt registrert om lag 9000 stadnamn. Det er mange namn i ein kommune på 259km². Stadnamn er eit verdfullt kulturhistorisk materiale. Dei fortel om arbeidsliv og daglegliv, kvardag og helg. Og dei fortel også om naturen. Til dømes er det 29 stadnamn som fortel om bjørn, og kun 6 som fortel om ulv (gråbein).

Materialet er tilgjengeleg på nettet på sida til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane: <http://www.fylkesarkiv.no>. Ein kan og søkje opp stadnamna på <http://fylkesatlas.no>

Segner

Ei segn, er korte, oftast ein-episodiske forteljingar som er overlevert munnleg. Segna kan delast i mange ulike typar på grunnlag av handlinga. Den einskilde segna har inga fast form, men opptrer som variantar av ein type segner med større eller mindre geografisk utbreiing. Ei segn gjer krav på å bli truidd, etter det som er sagt fortel ei segn om noko som har hendt, og er knytt til bestemte stader, personar eller hendingar. Men ei segn er også diktning fordi det i overleveringa har vore utsett for kunstnarisk bearbeiding.

Ei av dei mest kjende segnene i Hyllestad, er saga om Olav Kyrre som ville bygge by ved foten av Lihesten. Det vart ikkje noko av denne byen; men som kjent vart Olav Kyrre grunnleggjaren av Bergen.

Ein kjenner ikkje til at det har vore gjort noko registreringsarbeid tidlegare, men fleire segn har vore gjenfortalde i sogehefte og i Årbok for Sogn.

Arkivmateriale

I ei rekkje samlingar finst det fysisk arkivmateriale so m kan fortelje om Hyllestad si historie. Hjå Riksarkivet i Oslo og og hjå Statsarkivet i Bergen finn vi offentleg og statleg arkivmateriale. Det kommunale arkivmaterialet fram til 1964 og ein del private arkiv frå kommunen er oppbevart hjå Fylkesarkivet i Vestland si avdeling på Hermansverk. Hyllestad folkebibliotek har ei lokalsamling med sogehefte, bygdebøker, og elles relevant litteratur.

I lagsavisene til ungdomslaga finn ein småstykke, forteljingar og dikt. Lagsavisene var handskrivne protokollar. Mange av desse er blitt teke vare på.

Song og musikk

Det er fleire som skreiv songtekstar, Hans Systaddal utgav eit hefte med «Bryllupssange» og det finst også ei samling med tekstar av O. Skor. Lasse Systad gav i 1982 ut eit hefte kalla: «Songar og dikt»

Både Øn, Lifjorden, Bøfjorden og Åfjorddalen har sine egne «songar». I 1962 skreiv dåverande ordførar Olav Bruknaap «Hyllestadsongen», der kvar av bygdene har kvar sitt vers.

Folkemusikk

I bondesamfunnet var folkemusikken var ein del av kvardagslivet, og det var både bruks- og nyttemusikk. Den vokale folkemusikken var i dagleg bruk. Anten det var budeia på setra som lokka på kyrne, eller ho huva til andre setrar. Eller det var ei mor som song ein båsull for at barnet skulle sove. Til påske, jul og i gravferder var det songe religiøse folketonar. Om sommaren vart det spela til dans under slåttonna. Og det vart ikkje ordentleg brudlaup utan ein spelemann.

I Fylkesarkivet sitt musikkarkiv er det 297 song og musikkopptak frå Hyllestad. I hovudsak er det opptak med Kristoffer Teige, men det er også vokalopptak. Folkemusikaren Unni Løvlid gav i 1999 ut ei plate med vokal folkemusikk; «So ro liten tull» På denne er det 3 stev i tradisjon etter Kristoffer Teige. Folkemusikkgruppa Bufaste tonar (Håkon Høgemo, Judith Vestrheim og Tom Karlsrud) har også spela inn viser av K. Teige.

I 1998 gav Sogn og Fjordane folkemusikklag ut heftet «Vokal folkemusikk frå Sogn og Fjordane». Hyllestad er representert med to viser etter Kristoffer Teige og ei etter Borgny Systad. Den sistnemnde heiter «Litle Ola vår», og er ein lokal variant av «Å vesle Kari vår»

Hardingfelespelaren Sigmund Eikås frå Jølster har på plata «Spel til dans» teke med ein slått etter Teige (I trad. etter Anders Steie)

Døme på vokalopptak er : Kjærleiksviser, barneviser, barneregler, kjømeistersongar, voggeviser, skjemteviser,



religiøse folkeviser, kulokk, salmar og slåttestev.

Tradisjonsberaren Kristoffer Teige

Kristoffer Teige (1887-1967) var ein kultur- og tradisjonsberar av dei sjeldne, og fekk tildelt Kongens fortjeneste-medalje i sølv i 1967. Han var spelemann i over 100 bryllaup, og spela så mange gonger til dans at det ikkje finst tal. Han deltok også på mange kappleikar. I Arne Bjørnsdal si samling finst det over 150 melodiar frå området her.

Slåttane etter Teige, ber preg av å ha ein annan teknikk og tonalitet enn slåttane som vert brukt i området her no, men dette skuldast at Teige var ein av dei få som heldt på den gamle speletradisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord.



Ei av kjeldene Teige var Klemet Espeset. Han var fødd i Høydalen, gift med ei jente frå Gil, og budde i Fjaler. Edvard Brendehaug, spelemann i Fjaler, som hadde lært av Espeset, lærde vidare til Teige. Ein annan tradisjonsberar var Anders K Myklebust, som budde på Steia i Dale, men han kom frå Skifjorden og lærde slåttar vidare til Martin Sellevoll (fødd i Fjaler, gift til Sellevoll). Sellevoll tok såleis slåttane med seg «heimatt».

Folkedrakt

I 1996/97 gjennomførte Hyllestad og Høyanger husflidslag ei registrering av klede og draktdeler i Hyllestad, i samarbeid med Bunad og folkedraktrådet. I alt vart det gjort 200 registreringar i Hyllestad. Hyllestad folkebibliotek har kopi av registreringskorta.

Blant draktdelane som ein fann, er til dømes både applikerte bringedukar, samt svarte og kvite konehuer (også kalla tobladshue). Det viser at her er restar etter ein eldre draktskikk for kvinner, frå før ein tok til å bruke nasjonaldrakta (Hardangerbunaden).

Etter 2.verdskrig vart det vanleg med sognebunad i Hyllestad. Sognebunaden vart rekonstruert på 1920 talet, på grunnlag av draktdeler ein fann i Indre Sogn.

I Hyllestad er det 3 bruesylv (krune og tilbehør) desse vert gjerne omtala som: Sørefjordsølvet, Skivenesylvet og Kolgrovsylvet. Ved eit par høve har ein kunne sjå draktene. Siste gong var i 2011 i samband med 150 års jubileet for kommunen. Då var det ei markering på Eiklund.

Til Sørefjordsylvet er det også raud brurestakk og mønstreite forklede. Det har mykje til likskap med forkledet som ein brukar til den rekonstruerte bunaden i Brekke.



Del 3: Prioriterte kulturminne

NR. 1 Hyllestad kyrkje, gnr. 79/2,15



Skildring:

Hyllestad kyrkje vart oppført i 1880 og bygd etter teikningar av Henrik Nissen. Han var blant Norges fremste arkitektar på slutten av 1800-talet og hadde ein stor produksjon av bygg av alle typar. Opphavleg hadde kyrkja 300 sitjeplassar. Etter ombygginga i 2011 er det 220. Kyrkja ligg i retning sørvest-nord aust. Ein urgammel regel seier at kyrkjene skal ligge i retning aust-vest, men kyrkjestyret gav løyve til å byggja i den retninga ho ligg.

Når det gjeld kunst og inventar i kyrkja, er det gjenstandar frå kyrkja var ny, men og gjenstandar frå tidlegare kyrkjer. Døypefonten som er frå ca år 1200, og ei katekismetavle frå 1600 talet som heng i kyrkja, er døme på dette. Altertavla er frå 1902, laga av Maren Sverdrup. Då kyrkja var ny, var det eit kvitt trekors med forgylte kantar som var altarutsmykking.

Foto: Sigrid Solberg.

NR. 2 Bø kyrkje, gnr. 85/14



Skildring:

Bø kyrkje vart oppført i 1868, og teikna av Jacob Wilhelm Nordan. Han var ein produktiv representant for historismen innan norsk arkitektur i andre halvdel av 1800-talet. Som Kyrkjedepartementet sin faste konsulent i byggjesaker teikna han nesten hundre kyrkjer. Med meir enn 30 ulike fargar i kyrkjerommet, treng ein litt tid til å fordøye det sjeldne synsinntrykket som kyrkja byr på. Det er lite som er endra på kyrkjebygget sidan det var nytt. Kyrkja er blant dei listeførde kyrkjene hjå Riksantikvaren, og har 200 sitjeplassar.

Altertavla er frå 1898, laga av pastor Joh. Christensen. Biletet er ein kopi av Tidemands *Christi Opstandelse* i Bragenes kyrkje, Drammen (1871). Tilsvarande kopiar heng i over 80 norske kyrkjer, og av dei fleire i vårt fylke, m.a. Lavik og Breim. Eit kvitt trekors var alterutsmykking då kyrkja var ny. Når det gjeld kunst og inventar så er m.a. altarløstakane frå ca 1600, og døypefonten frå 1868. Kyrkja har status som *listeført*.

Foto: Sigrid Solberg.

NR. 3 Øn kyrkje, gnr. 32/14



Skildring:

Då lynet slo ned i Øn kyrkje i november 1940, gjekk alt av inventar med i brannen. Då kyrkja skulle byggast opp att var det strid om den skulle plasserast på same staden, eller flyttast til Sørbøvåg. Den avgjerande røystinga føregjekk 15. mai 1947. Fleirtalet stemde for Sørbøvåg, og dermed vart saka avgjort. Øn kyrkje vart vigsla i 1958, og har 370 sitjeplassar. Forklaringa på at kyrkjenamnet vart det same, var at soknet har hatt same namnet i 700 år. Kyrkja er ei av svært få som er plassert med inngang frå aust og koret mot vest. Preikestolen står til venstre, og det vanlege er til høgre. Men sidan kyrkja er «snudd» er plasseringa likevel rett.

Kyrkja vart bygd like før dei nye, moderne arbeidskyrkjene tok form. Arkitekt var Ole Halvorsen. Konstruksjonen er av betong, og alterbiletet er laga i enkel glasmosaikk. Elles er kyrkja nokså tradisjonell i utforminga.

Det meste av kunst og inventar er frå då kyrkja var ny, med unntak av det ombygde orgelet frå 1914.

Foto: Sigrid Solberg.

NR. 4 Øn kapell, gnr. 29/9



Skildring:

Den første kyrkja som stod på Øn, er første gong omtala i 1327/28. Kyrkja frå 1870 var den tredje kyrkja som stod her. I 1965 vart det reist eit kapell på den gamle kyrkjetomta.

Det er flott utsikt frå høgdedraget der gravstaden og kapellet ligg, og minner om det som var.

I 2016 vart Sørbøvåg bedehus avigsla, og altertavla vart gjeve i gåve til Hyllestad sokneråd under føresetnad av at den vart teke i bruk som ny altertavle i Øn kapell. Altertavla er måla av forkynnar og kunstmålar Vilhelm Bjørknes. Den gamle tavla er no plassert i

kapellrommet, på bakveggen mot våpenhus/inngangsparti.

Foto: Sigrid Solberg.

NR. 5 Hyllestad Prestegard, gnr. 79/47.



Foto: Oddhild D. Engedal.

Skildring:

Prestebustaden vart bygd i 1870, renovert i 2009. I 1970 vart prestegarden nedlagt som gardsbruk og på innmarka til vaks det fram eit nytt kommunesenter; kommunehus, skule, idrettsanlegg, butikk, bustadfelt med meir. Våningshuset vart framleis nytta som prestebustad og siste prest som budde her var i 2015. I 2020 vart prestebustaden lagt ut for sal og ny eigar er prestegardsinspektør Jan Stedje. Han leiger ut lokala til Norsk Kvernsteinsenter, kunstnaren Frode Holst, Sogelaget og Folkeakademiet. På ny har prestegardshuset blitt eit samlingspunkt i bygda og eit kulturhus.

Prestegardshuset er regulert til omsynssone *Verna bygningsmiljø* i reguleringsplan Hyllestad sentrum 2, planid: 1999001. SEFRAK id nr. 14130109009.

NR. 6 Skifjord bedehus, gnr. 9/4



Skildring:

Skifjord bedehus, vart bygd i 1914, og står på garden Bjørnstad. Huset har storsal, småsal, galleri og gang. Kjellaren er innreidd med kjøken og matsal.

Huset har vore nytta til basarar, juletreffar, møte med tilreisande predikantar og møte "inn i mellom». Det var skule her i mange år. Tyskarane brukte huset under krigen.

Øen indremisjon er eigar. Dei siste åra har huset vore i bruk til nokre arrangement, og deriblant ein årleg basar. På loftet er det laga til ein liten skulekrok, med mellom anna plansjar, kart, pultar og bøker.

Registrert i Kulturminnesøk og i Kulturhistorisk leksikon.

Foto: Astrid Waage.

NR. 7 Løland bedehus, gnr. 89/12



Skildring:

Alt tidleg på 1900 talet var det planar om å byggje bedehus. Sjølv om det låg føre fri grunn, så vanta det midlar til å byggje. Men i 1918-19 tok ein opp att planane, og det vart avtala at huset skulle stå på Løland fordi Lavikdalen og ville vere med. Bygget vart teke i bruk i 1923 og vigsla i 1928.

Huset er bygd i reisverk på gråsteinsmur, og stor- og småsal, kjøken, matsal, loft og galleri, samt garderobe og toalett.

Møtebøkene til Dalane indremisjon frå 1945 og framover er ei hovudkjelde til kunnskap om Løland bedehus frå 1945 til i dag, om huset, om vedlikehald og byggjemessige endringar, og om arbeid og aktivitet.

Dalane indremisjon eig og driv huset, som vert nytta til møteverksemd og årleg basar.

Registrert i Kulturminnesøk og Kulturhistorisk leksikon

Foto: Astrid Waage.

NR. 8 Ramsgrø bedehus, gnr. 15/1,



Skildring:

Tanken om å få eit bedehus for Vassenden krins kom opp i 1914, då dei fekk høve til å kjøpa det gamle skulehuset frå nabogrenda Lone i Fjaler. Huset er i lite bruk, men er godt vedlikehalde.

Eigar er Øens Indremisjon. Det formelle namnet på huset er "Hornedalens Bedehus", men i daglegta har det alltid vore kalla *Ramsgrø bedehus*. Huset inneheld kjellar, møtesal, småsal og gang.

Før kom det ofte emissærar og misjonærar på vitjing. Ein gong kvar veke var det kvinneforeining. No er det ei gudsteneste i året om sommaren. Etterpå er det basar til inntekt for istandsetjing av huset. Registrert i Kulturminnesøk og i Kulturhistorisk leksikon. SEFRAC id nr. 14130102022.

Foto: Per Bygnes.

NR. 9 Kulturmiljø, Myklebust, gnr. 8/1 og 4

Skildring:



Sjøhusmiljø med stø, naust og grunnmur etter tidlegare naust. Kulturmiljøet omfattar også ein solid og lang, samanhengande steingard mellom bruk 1 og 4. Bygd av rullestein, totalt kring 260 m lang, delt i to lengder av fv. 65. Høgda varierer, men er på det meste kring to m høg. I Skifjorden vart det transportert store mengder stein ned til sjøen, etter rydding av åker og eng. Steinen vart nytta til naustmur, og steingard, og såleis ein nyttig ressurs for bonden.

Ruin etter naust: SEFRAC id nr. 14130101029, Naust: SEFRAC id nr. 14130101028. Registrert i Kulturminnesøk.

Foto: Astrid Waage.

NR. 10 Steingardane på Eide, gnr. 35/2



Foto: Astrid Waage.

utgjør eit mindre vindfang enn ein kompakt steingard.

Skildring:

Typisk for steingardane på Eide, er at dei er bygde som enkle murar, med til dels store opningar i. Nokre stader er det nytta store heller som er sette på kant. Steingardane her er lagde opp på ein heilt annan måte enn t.d. steingardane på Myklebust og Hatlem. Men i ein og same steingarden kan det vere stor variasjon både i utforming, høgde og breidde.

Korleis steingarden er lagd opp, kan ha med steinsorten å gjere, meir heller og flat stein enn på Myklebust og Hatlem t.d. det kan ha med knappheit på stein å gjere og det kan ha med handtverket å gjere. Det kan og ha med å gjere at vinden slepp lettare i gjennom og steingarden

NR. 11 Steingard og bakkemurar i Selvika, gnr. 70/4, 7



Foto: Astrid Waage.

sette på kant, truleg for å spare både arbeid og stein. Registrert i Kulturminnesøk.

Skildring:

På det brattlendte bruket er det lagt opp mange bakkemurar for å halde jorda på plass. Den lengste er omkring 35 m i samanhengande lengde, og ligg bak huset på gnr. 70-14. I tillegg til bakkemurane, er det lagt mura vegar for å sikre tilkomst til alle deler av bruket. Også ei trapp kan skimtast under mosen i det brattaste lendet. Lengst oppe på bruket er det og lagt opp steingardar. Kanskje vart det mangel på stein etter så mykje murararbeid på bruket. I alle høve finn ein her same type steingard som på Eide, med etter måten store mellomrom i garden. Det er og bruka store heller som er

NR. 12 Steingard i grensa mellom gnr. 69/1 og 68/2



Til å byggje steingarden nytta ein den steinen som fanst på staden, ein brukte teknikk etter kva type stein ein hadde. Denne steingarden har etter måten store mellomrom og er lik typen ein finn på Eide og i Selvika.

Foto: Sigrid Solberg.

NR. 13 Naust på Gil, gnr. 34/1

Skildring:

Naustet ligg ved Åfjorden, med tilflot frå Vikane, godt skjerma mot fjorden av Vikaneset. Vikane er ei god hamn for småbåtar. Naustet har tjukke vegger mura i naturstein. Over muren er det liggande, ukanta kledning i dei to røsta, og tak av bølgeblekk. Naustet er tjørebreidd. Inne i naustet er det teke vare på eldre båtar (1 Nygaardsvold-



Foto: Astrid Waage.

båt, 2 Nordfjordfæringar og 1 15 fots færing bygd i Hellevika på 50-talet) og og sjøreiskapar, som har høyrte til på bruket. Naustet er bygd kring 1905, behovet for sjøhus på garden vart større då dei på denne tida byrja med laksefiske. SEFRAK id nr. 14130110047, registrert i Kulturminnesøk.

NR. 14 Blåsteinskar, Borsholmen, gnr. 37/1



Foto: Per Bygnes.

Skildring:

Støypet kar til reinsing/impregnering av laksenøter. Mål: 1,75 x 1,37 m i firkant. Karet er bygd kring 1930 til reinsing av landgarn og laksenøter i sommarsesongen. Etter at det støypete karet tok til å leka, vart det innvendig forsterka med eit lag med plast.

Registrert i Kulturminnesøk og Kulturhistorisk leksikon.

NR. 15 Blåsteinskar, Freklevågen, gnr. 38/1,2



Skildring:

Støypet kar til reinsing/impregnering av laksenøter. Mål: 1,85 m x 1,35 m x 0,67 m.

Registrert i Kulturminnesøk.

Foto: Astrid Waage.

NR. 16 Borsholm skule, gnr. 37/4

Skildring:

Skulehuset var bygd i 1907, og fungerte som skulehus for Hatlem krins i åra 1907-28. Då vart det demontert og flytta til Borsholm. Skulehuset vart frakta med båt, kvar planke var merka og skulehuset vart sett opp att slik det hadde vore på Hatlem, men med kjellar i tillegg.



Huset hadde hovudetasje med skulestove og materialrom, kjellar og roteloft. Elektrisk lys i 1953/54, ved vart nytta til oppvarming. Skulehuset fungerte også som samlingsstad i krinsen og vart nytta til juletreffar, misjonsbasarar med meir. I 1965 vart Borsholm krins lagt ned og elevane sendt til Skifjorden. Bygningen har vore i privat eige sidan 1969.

Foto: Oddhild D. Engedal.

NR. 17 Skifjord skule, gnr. 9/7



Foto: Sigrunn Espe.

Skildring:

Bygningen er frå 1955, og var skulehus for Skifjord krins i åra 1955-1993. I 1965 vart Borsholm krins og Skifjord krins slegne saman, med skulestad i Skifjorden. Frå skuleåret 1993/94 vart Skifjord krins slegen saman med Øen krins, og elevane vart flytta over til Øen skule. Huset er ein trebygning med liggande kledning og skifertak. I kjellarhøgda var det gymnastikksal, og i hovudetasjen er to klasserom i lengderetninga på huset. Loftet vart nytta som lagerrom. I eit par år på slutten av femti-talet, budde læraren med ektefelle i den austlege enden av huset. I nokre år på 1990-talet dreiv Skifjord husmorlag privat barnehage i huset. Skifjord grendelag

er no eigar, og nyttar huset som grendehus. Registrert i Kulturminnesøk.

NR. 18 Øn gamle skule, gnr. 29/10



interessegruppe som har planar/ynskje om å bruke bygningen til eit Kulturhistorisk senter. Registrert i Kulturminnesøk.

Foto: Astrid Waage.

Skildring:

Øen gamle skule er eit døme på eit typisk skulehus i vestlandsbygdene frå mellomkrigstida. Stor kvit trebygning med hovudetasje på full kjellar, og med lærarbustad i andre høgda. I kjellaren var handarbeids-/sløydsal og eit rom som vart nytta som klasserom. Mellom anna var det framhaldsskule i kjellaren i ein del år.

I 1927 vedtok heradstyret å slå saman Hatlem og Ulvik skulekrinsar. Skulehuset var i bruk frå 1928-78. Då vart elevane flytta til nytt skulebygg på Salbu. Bygget har etter dette vore nytta til ulike formål, men har for det meste stått tom. No er bygningen eigd av ei lokal

NR. 19 Vassenden skule, gnr. 18/2



Foto: Sigrunn Espe.

Skildring:

Skulehuset er oppført i 1910. I 1861 var Ramsgrø, Lien, Horne og Høydal samla i ein skulekrins, medan Sundbotten var plassert saman med Øen, Ulvik, Salbu, Smilden, Hatlem og Leirpoll. I 1910 vart skulekretsane Sundbotten, Høydal og Horne slegne saman til Vassenden krins og skulehuset vart bygd.

Fram til 1933 var det todelt skule i Vassenden og elevane gjekk annankvar dag. I 1923 var det 22 born på Vassenden skule. Frå 1933 var det så få elevar igjen i kretsen at det vart udelt skule. Læraren fekk då ansvaret for å undervise både i Vassenden og Storakersund, 14 dagar i kvar krets. Det var skule fram til 1959, då vart elevane overførde til Øen skule. I dag er huset feriebusstad.

NR. 20 Lifjorden skule, gnr. 48/8



Skildring:

I 1888 vart Hellem krins og Risnes krins slått saman til Lifjorden krins og skulehuset vart sett opp. I 1974 vart Lifjorden krins slått saman med Hyllestad og Sørefjord, og skulen nedlagt. I 1936 vart huset løfta opp og det vart sett opp kjellar. Bygningen er tidfesta til 1800- talet 3. kvartal. SEFRAK id nr. 141310863.

Foto: Oddhild D. Engedal

NR. 21 Hyllestad gamle skule, gnr. 79/2,17



Foto: Sigrid Solberg.

Skildring:

Bygningen, som er frå om lag 1880, er ei kvitmåla tømra skulestove med liggjande kledning. Inne er det skulestove, kjøken, og eit rom som læraren budde i. Taket er dekt med skifer. Bygningen er enkelt dekorert med taggete bord. Inngangsdøra er spesielt fint dekorert med overlysvindauge.

Under 2. verdskrig vart skulehuset nytta som bustad for vernemakta. Etter krigen var det grunnskuleundervisning til kring 1970. I åra 1948-72 heldt Hyllestad folkeboksamling til i bygget. Då undervisninga vart flytta, vart bygget nytta som lokale for privat barnehage. I seinare

tid har huset m.a. vore nytta som lagshus og verkstad/atelier. I privat eige. Bygningen er regulert som *bevaringsområde* i reguleringsplan, Hyllestad sentrum 1, plan id nr 1993001. Registrert i Kulturminnesøk.

NR. 22 Skor gamle skulehus, gnr. 23/2,1



Skildring:

Skor skule vart teken i bruk skuleåret 1910/11, og nedlagt i 1964. Då vart elevane overførte til Åfjorddalen skule.

Bygningen inneheld: skulestove, kammers, gang og matsal i kjellaren. Nord for skulebygget ligg eit kombinert lager og utedo.

Under krigen rekvirerte tyskarane skulen for to kortare periodar. Då vart det halde skule hjå næraste naboen. Skuleåret 1954/55 var det eigen framhaldsskule i Skor skule.

Skulebygningen har vore nytta til ei rekkje føremål: gudstenester, basar, juletreffest, base for skyttarstemne, base for vandring langs postvegen og

vallokale.

Skor Grunneigarlag disponerer bygget etter avtale med Hyllestad kommune. Dei siste 15-20 åra har det vore utført arbeid for å setja bygget i stand til eit tidsmessig grendehus.

Foto: Oddhild D. Engedal.

Registrert i Kulturminnesøk og Kulturhistorisk leksikon.

NR. 23 Åfjorddalen gamle skule, gnr. 59/19



Foto: Oddhild D. Engedal.

Skildring:

Kommunestyret vedtok i 1922 at det skulle byggjast felles skulehus for krinsane Birkeland, Dale og Løland. Åfjorddalen skule var eit stort skulehus med fleire klasserom og bustad for både lærar og lærarinne. Skulehuset vart teke i bruk som skulehus for Åfjorddalen krins i 1924, som vart, etter ein langvarig og kvass strid, plassert på Eidsneset.

Frå og med 1965 vart elevane frå Skor flytta hit. Bygningen er i privat eige, og har mellom anna vore nytta som kontor og leilegheiter.

NR. 24 Leirvik skule, gnr. 99/7



Foto: Sigrunn Espe.

Skildring:

Leirvik skule stod klar i august 1960. I kjellarhøgda var det gymnastikksal, skulekjøken, matbu, vaskerom og wc/bad for jenter og gutar. I første høgda var det tre klasserom, bibliotek og leserom, materialrom, kontor og lærarrom. I andre høgda var sløydsal, to internatrom, kjøken, wc og rom for ei husmor.

Elektrisk oppvarming, men to av klasseromma hadde også vedovn. Skulen var nedlagt i 2002, og det var barnehage i bygget frå 2002-2012. Asylmottak 2015-16. I privat eige, no Vandrarheim.

NR. 25 Sætevika skule, gnr. 82/5



Foto: Leif Dale.

Skildring:

I 1927 vart det gamle skulehuset frå Åfjorddalen, Birkeland skule, flytta til Sætevika og Sågnes krins fekk for fyrste gong eigen skulebygning. Før vart det halde skule i private stover. Skulehuset er opphavleg frå 1892. I 1943, under 2. verdskrig, tok tyskarane over huset, pultane vart flytta opp i huset til lærarinna og det var halde skule hos henne fram til hausten 1943.

I dag er huset i privat eige. SEFRAK id nr. 14130107061.

NR. 26 Ljosheim, Bøfjorden Ungdomslag, gnr. 86/4



Foto: Oddhild D. Engedal.

Skildring:

Bøfjorden ungdomslag vart skipa i 1906. I byrjinga hadde dei samlingar i skulestova, men etter vart kom tanken om å byggje eit eige og større forsamlingshus. I 1929 stod Ljosheim ferdig, som det første i kommunen. Huset vart bygd delvis på dugnad, men noko byggjemateriale måtte likevel kjøpast. For å betale renter og avdrag leigde ungdomslaget ut kjellaren til handel og bakeri i nokre år. Under krigen vart huset rekvirert av tyskarane. I dag er huset i privat eige.

NR. 27 Vonheim, Øen Ungdomslag, gnr. 30/32



Foto: Oddhild. D. Engedal.

Skildring:

Samlingslokale, 20 x 12,5 m, storsal med scene og galleri, småsal og gang. Var tidligare lagshus for Øen ungdomslag, som vart skipa i 1920. Ynskje om eit eige hus voks fram etter kvart og i 1933 kunne Ungdomshuset Vonheim takast i bruk. Grunnmuren vart til ved dugnad, den lokale entreprenøren Andreas Gjertsen bygde sjølv huset og soknepresten i Gulen, Øystein Hovden, heldt opningstalen. Det har vore kinoframsyningar i nær 70 år. Først var det Refsnes kino frå Laksevåg som stod for dette tilbodet. Dei siste 60 åra har Vonheim stått på Bygdekinoen si turneliste.

Datering: 1900 talet, andre kvartal. Registrert i

Kulturminnesøk og Kulturhistorisk leksikon.

NR. 28 Ungdomshuset på Kleiva, Lifjorden, gnr. 47/5,1

Skildring:

Lifjorden ungdomslag vart skipa i 1924. Etter krigen fekk dei, samt Åfjorddalen- og Hyllestad ungdomslag,



Foto: Oddhild D. Engedal.

overta ei tyskarbrakke og for å nytte som forsamlingshus. I dag er det berre ungdomshuset på Kleiva i Lifjorden som står att av dei opphavlege tyskarbrakkene. I 2015 endra Lifjorden Ungdomslag til Lifjorden Bygdelag og laget driftar huset.

NR. 29 Åfjorddalen Ungdomshus, gnr. 59/8



Foto: Oddhild D. Engedal.

Skildring:

I 1927 vart Åfjorddalen bygdeungdomslag skipa. I 1942 bytte laget namn til Åfjorddalen Ungdomslag. Etter krigen fekk dei overta ei tyskarbrakke, denne vart bytta ut med eit nytt ungdomshus i 1971.

Åfjorddalen ungdomslag har lang tradisjon med skodespelframsyning på 17. mai. Somme gonger har ein og reist på turne med teaterstykk. Det er berre 2 gonger sidan oppstarten i 1946 at ein ikkje har hatt oppsetjing av teaterstykk.

NR. 30 Sjøbruksmiljø i Hyllestadvikja, gnr. 77/2



Foto: Astrid Waage.

Skildring:

Sjøbruksmiljøet omfattar Hauglandsbua, Langebua og steinbryggja i mellom. Langebua (midt i biletet) vart sett opp på Hyllestad kring 1895 av Nikolai Hansen Korssund (f. Ramsgrø) som dreiv lakseeksport i Korssundet. Seinare flytta han sjølv til Hyllestad. Bua var tidlegare brukt som saltebu. Det er ikkje godt å seie kva planar Nikolai Hansen hadde med å setje opp ei såpass stor bu i Hyllestad, men i fylgje Kystmuseet starta han i alle høve med oppkjøping og nedising av laks der før han sjølv flytta til bygda. Det er usikkert om Nikolai Hansen dreiv sildesalting i bua då han sjølv kom til Hyllestad. Under 1. verdskrigen brukte Olai

Haugland bua til mjøllager i samband med provianteringsrådet. Han heldt fram med å lagre varer der også etter krigen, m.a. kom det ei skøytelest med jernvarer frå eit firma som gjekk konkurs i Bergen. I dag eigd av Kystmuseet i Sogn og Fjordane. Datering: 1800 talet, fjerde kvartal. SEFRAK id nr 14130109030, registrert i Kulturminnesøk.

Steinbryggja på Hyllestad var landingsplass for folk som kom hit i robåtar frå veglause gardar kring Hyllestadfjorden, som Gjerde, Nes, Lia, Lireid og Rindane. Steinbryggja nytta dei når dei skulle til butikk, bank, doktor eller andre offentlige funksjonar i «kommunesenteret» på Hyllestad-garden. Her i Hyllestadvikja låg også dampskipskaia.

Frå gamalt av var steinbryggja på Hyllestad landingsplass for «almuen» og vart halden ved like som det. Før 1880 låg også den gamle kyrkja på Hyllestad. Steinbryggja var då landingsplass for alle som kom roande til kyrkje. Området er regulert som *Bevaringsområde* i reguleringsplan Hyllestad sentrum 1, plan id 1993001.

NR. 31 Bua på Laberget, gnr. 1/1



Foto: Astrid Waage.

Skildring:

Bua vart bygd av Jon Hansson Gaugstad i 1892. Der vart drive handel i bua frå 1892 til 1910.

Bua har to etasjar, med vindehjul. I første etasje er eit stort rom ut mot fjorden, der sildesaltinga føregjekk. I den nordlege enden er det avdelt to rom, eit lite lagerrom i vest og butikklokale i aust. Noko av innreiinga i butikklokalet er intakt, som hyller på den eine vegg, og den gamle disken med klaffe og skuffer. Ein interessant detalj er "betalingsterminalen", som er eit hol i disken, der pengane vart sleppte rett ned i skuffa

under. Det gamle vindehjulet er intakt, med tauverk og krok. På den vestlege sida i bua, var det opphavleg var lagringsplass for is. Dette vart av noverande eigar bygd om og forlenga noko, og innreidd som saghus.

SEFRAK id nr. 14130101060, registrert i Kulturminnesøk.

NR. 32 Ivershamnbua, gnr. 3/4



tide, men tørna mot land, slik at steinen rasa av og i sjøen. Datering: 1900 talet, første kvartal.

Registrert i Kulturminnesøk.

Foto: Astrid Waage.

Skildring:

Ivershamnbua, som ho er kalla lokalt, har stått som eit landemerke i ytre Skifjorden i meir enn hundre år. Bua vart bygd av Hans Kjøpstad og Ole M. Bjørnstad på gnr. 3/1. På Ivershamnen er det god hamn, og fjorden er sjeldan islagt så langt ute. Kanskje var det grunnen til bua vart bygd her. I nokre år frå ca 1920 budde det ein huslyd på loftet i bua.

Bua står på grunnmur, mura av naturstein, ut i sjøen. Det vert sagt at steinen som skulle til, vart frakta fram på ein flåte. Ein gong hadde flåten så stor fart at den ikkje let seg stogge i

NR. 33 Steinbryggje, Myklebustfjæra, gnr. 79/2



Foto: Astrid Waage.

Skildring:

Mura steinbryggje som skrånar ut i sjøen. Bryggja var mura opp slik for at det skulle vere lett å legge til og frå land med småbåt, uansett om det var flo eller fjære. Bryggja stikk ut i sjøen frå naustet som høyrer til prestegarden, gnr. 79-2. Bryggja er 18,20 m lang og 2,40 m brei.

Registrert i Kulturminnesøk.

NR. 34 Steinbryggja i Leirvik, gnr. 99/27



Foto: Astrid Waage.

I Leirvik var det postopneri då ruta kom i gang i 1786 og Kaptein von Holck var postopnar. Posten vart ført med båt over Sognefjorden frå Rutledal og på land vidare frå Leirvik til Dale. Landingsbryggja ligg ved sidan av det som i dag er Hotel Sognefjord. Ho var landingsplass for postbåtane, samt for folk som kom sjøvegen. Postvegen vart også nytta for ferdefolk mellom Bergen og Trondheim. I 1821 fekk enkefru Holck løyve til å setje opp eit gjestgiveri i Leirvik, høveleg plassert ved postruta. Gamle postopneri vart gjerne stoppestader for dampbåten, då den kom. Slik vart det også i Leirvik, som var stoppestad for dampbåten frå 1868 til 1968.

NR. 35 Den Trondhjemske postvei, Lervik- Åfjorddalen- Skor



Foss bru.
Foto: Sigrid Solberg.

Skildring:

Vegtrekninga mellom Leirvik og Dale i Sunnfjord vart bygd i 1801-06, som del i vekefast postgang mellom Bergen-Molde-Trondheim. I 1868 vart postvegen her nedlagt som hovudveg, til fordel for vegen gjennom Vadheimsdalen. Dei mange karakteristiske steinbruene er eit særtrekk ved vegen, og bruene fortel om eit framifrå tørrmurarhandverk. Opphavleg var 19 bruer på strekninga Leirvik-Dale.

Milestolpar markerte fråstanden til Bergen i halve og heile mil. Kven som hadde vedlikehaldsplikt vart markert med rodestolpar. Mellom Leirvik-Dale var det 38 vedlikehaldsrodar.

Høgste punkt på vegstrekninga ligg på Øvrås, 376 m.o.h. Her er det vakker utsikt mot Dalsbygda. På veg mot Systad møter ein på både rode- og kvilesteinar.

Foss og Ås bruer stod ferdige i 1806. Det har vore sagt om begge at dei ville stå til evig tid. Med sine 19 brukar er Foss bru eit imponerande kulturminne, og brua vart restaurert i 1978. Ved Ås bru står det att endekar og steinstøtter; den eine med monogrammet til dansk- norske kong Christian 7. Ved hotellet i Leirvik, ligg den gamle steinbryggja for postbåten over Sognefjorden.

Det har vore sporadisk postgang tilbake til kring 1660, og før postvegen vart bygd, var her ride- og gangstiar. Den eldre postvegen gjekk opp Staurdalsbrekka over Byrkjeland mot Aksegjerdet og vidare nordover. Den Trondhjemske postvei (den eldste traséen) er i regulert til *LNF område med kulturminne* i kommunedelplan for Hyllestad k. 2009-2020, arealdel. Den «nye» traseen er markert i Askeladden, begge er markert på kartet til kulturminneplanen.

NR. 36 Salbu bru, gnr. 30



Foto: Per Bygnes.

Skildring:

Er ei kvelvingsbru frå 1908 og det vart nytta steinmateriale frå Salbu elva. Arbeidet vart utført av eit arbeidslag frå Bygstad. Først på 1970 talet hadde Statens Vegvesen planar om å endra traseen her, slik at brubogen ville ha vorte innebygd. Takka vere eit innspel frå Folkeakademiet Hyllestad kan ein framleis sjå brua. I eine enden av brua er det står følgjande inskripsjon på to steinar: Salbu bru 1908. Einaste kvelvingsbrua i Hyllestad.

Registrert i Kulturminnesøk og Kulturhistorisk leksikon.

NR. 37 Kvernhus, Systaddalen gnr. 60/5




Foto: Astrid Waage.

Skildring:

Kvernhus og vasslok i stein, einaste i kommunen med berre stein som byggjemateriale. Kvernhuset har ei flatevidd på 8-10 kvadratmeter. Kvernsteinane er produserte i Hyllestad, i bergarten granatglimmerskifer. Kvernhuset vart truleg bygd i løpet av siste halvdel av 1800- talet og vart nytta fram mot 1940- talet. Nytt av bruk nr. 5, samt også bruka Systadgjerdet og Ekreskaret. Kvernhusanlegget er restaurert i nyare tid.

SEFRAK id nr. 14130104016, registrert i Kulturminnesøk og Kulturhistorisk Leksikon.

NR. 38 Leirvik Mølle, gnr. 99/1



Skildring:

Umåla trebygning på ein etasje med loft. På kvar side av huskroppen er det tilbygg. Mølla var ei av bygdemøllene som vart etablerte, og som etter kvart erstatta dei mange gardskvernene. Mot å levere kornet til maling på godkjende møller, betalte staten ei kornavgift til bøndene. Ordninga vart innført frå 1927. I Hyllestad var det to bygdemøller, Leirvik Mølle og Skifjord Mølle på Myklebust i Skifjorden. Begge vart starta på 1930-talet. Leirvik Mølle vart starta i 1935 av Georg Aas og vart driva til nokre år etter andre verdskrig. Ved mølla vart det utført maling, spissing og sikting av kveite, rug, bygg og

havre. I tillegg hadde Leirvik Mølle også korntørkeanlegg. Delvis til nedfalls.

Registrert i Kulturminnesøk.

Foto: Astrid Waage.

NR. 39 Kvernhus i Skåra, gnr. 38/2

Skildring:

Kvernhus bygd kring 1910, det einaste i kommunen som ligg ved sjøen. I mangel på elv, vart kvernhuset plassert her for å utnytte fall på vatnet frå grøftene på bøen. Vatnet vart leia gjennom grøftesystemet og gjekk i open, steinsett kanal siste stykket fram til kvernhuset. I myra ovanfor Skåra, vart det laga ein demning med to murar. Mellom murane kunne ein køyre med hest og kjerre, det var såleis kjerreveg heilt fram til kvernhuset. Frå demninga vart vatnet leda i ei steinrenne fram til bergkanten, det var så fritt fall nokre meter ned på eit stort vasshjul som stod ved kvernhusramen.

SEFRAK id nr. 14130101051, registrert i Kulturminnesøk.



Biletet til høgre syner den steinsette kanalen siste stykket fram mot kvernhuset. Foto: Astrid Waage.

NR. 40 Vassbruksmiljøet i Skor, gnr. 23

NR. 41 Kleberskaret, uttak av notastein, i felles utmark for Sandnes og Sellevoll, gnr. 6



Kleberskaret sett mot søraust. Foto: Astrid Waage.

Skildring:

I Kleberskaret i tidlegare felles utmark for Sandnes og Sellevoll, vart det teke ut notastein. Førekomsten av kleberstein er heller stor her, og bergarten er lett å forme til ulike produkt. Truleg kan denne industrien ha røter attende til slutten av 1700 talet. Gamle ferdselsvegar går gjennom området, og mange har rissa inn namn og årstal, og jamvel teikningar i det mjuke berget.

I nyare tid var det Martin Jensson Løset som hogg ut notastein i den blaute bergarten. Ein av sønene, Anton M. Sellevoll, førde verksemda vidare. Truleg heldt han på til 1952, då han reiste frå bygda.

Registrert i Kulturminnesøk og Kulturhistorisk leksikon.



Skildring:

Eit særprega kulturminnemiljø som består av fem lafta kvernhus og ei grindbygd vassag, som opphavleg var ei oppgangssag. Eitt av kvernhusa er det opphavlege, medan dei andre vart restaurert på 1990 talet. I alt er det 15 gardsbruk som har rettar til vassbruksmiljøet. Det er no mellom anna behov for reperasjon av vass-sloket.

Anlegget er truleg frå 1500- talet og kvernsteinane i kvernhusa er alle lokale. Like nedanfor kvernhusa

passerar Den

Trondhjemske postvei,

Foto: til venstre, Sigrid Solberg, biletet til høgre er henta frå www.kvernsteinsparken.no som kryssar elva på ei bru av naturstein.

NR. 42 Båtbyggjeri på Nes, gnr. 75/2 og 4



Foto: Leif Jørgen Akse.

Skildring:

I mellomkrigstida dreiv Lasse L. Akse (1866-1956) og sonen Lars L. Akse (1909-63) båtbyggjeri på gnr. 75 Nes, bruk 2 og 4 Skogen. I 1936 bygde dei gavlbåt til eige garnbruk.

Båtbyggjeriet var i bygningen til høgre i biletet. Bygningen til venstre er eit nothus med eldre naust under. Her er også kai med mur der det tidlegare stod ei nohengje. Typisk sjøhusmiljø på småbruk der det også vart drive med sild/brisling- og anna fiske.

Registrert i Kulturminnesøk.

SEFRAX id nr. 14130109048 (nothus med eldre naust).

NR. 43 Bråstad Båtbyggjeri, gnr. 102/5



Skildring:

Bendik Bråstad (1902-75) dreiv båtbyggjeriet i åra 1944-1971. Det vart bygd både skøyter, gavlbåtar, kryssarar, fiske- og motorbåtar på båtbyggjeriet. Men Bråstad hadde også arbeid i form av ombygging eller oppattbygging av båtar.

Foto: Oddhild D. Engedal.

NR. 44 Solstad båtbyggjeri, gnr. 36/14



Foto: Astrid Waage.

Skildring:

Det var Konrad Eide som starta båtbyggjeriet i 1963. I starten var dei tre tilsette, men etter kvart arbeidde Eide aleine. På båtbyggjeriet vart det bygd rundt 10 større båtar, samt ei rad med 15 fots sua båtar for påhengsmotor. Det vart og bygd nokre færingar og prammar. Den største båten var ein kravellbygd plattgattar på 30 fot, som var fullt utstyrt med maskin og overbygnad.

Eide dreiv båtbyggjarverkstaden sin fram til 1978. Bygningsmassen står enno og er i nyare tid rusta opp og ombygd til utleigeverksemd for Eide Ferie- og Fritid.

Registrert i Kulturminnesøk.

NR. 45 Løland motorverkstad, gnr. 86/2



Foto: Astrid Waage.

Skildring:

Mellom rv. 57 og Bøelva, vest for Bøbrua, ligg enno restane etter smie, sagbruk, kraftverk og kvern som Jonas Løland hadde her før han flytta verksemda til Indre Bø.

Området er tilgrodd, men ruinane som ligg her utgjer eit synleg og viktig minne om utviklinga frå Smia på Øyna på Løland via anlegget ved Bøelva, Gamleverftet til verftet på Kjørneset.

Registrert i Kulturminnesøk.

NR. 46 Skico- Plast A/S og Solås Plast A/S, gnr. 9/6



Foto: Astrid Waage.

Skildring:

Skico-Plast A/S vart skipa av Haldor Bjørnstad, Ottar Solås og Hans Waage på Bjørnstad i 1964. Verksemda produserte plastbåtar og kjølekummar for meieri med meir. Firmaet vart avvikla i 1994. Skico- Plast A/S var forløparen til Solås Plast AS, grunnlagt i 1969 av Ottar Solås. Dei første åra vart det bygd plastbåtar her, men etter kvart gjekk ein over til produkt for landbruksnæringa. Verksemda vart lagt ned i 2004. I 1971 flytta Solås Plast inn i nye lokale på Sørbovåg.

Skico- Plast A/S heldt til i kjellarlokala til det store forretningsbygget ved kaia på Bjørnstad. Bygget vart sett opp av Henry Bjørnstad i 1940. Bygget gav etterkvart lokale til fleire næringsaktivitetar og det var også utleige av leilegheiter og hyblar i 3. etasje. Bygningen ligg ved tidl. dampskipskai, støypt kai frå 1933, fast stoppestad for fylkesbåtane mellom 1923-1964. Registrert i Kulturminnesøk.

NR. 47 Nesje fort, gnr. 83/1



Kanonstilling på Nesje fort. Foto: Ørjan Engedal.

Skildring:

Under 2. verdskrig hadde tyskarane 4 anlegg i Hyllestad. Bygginga av Nesje kystfort tok til sommaren 1940, og både brakker og utstyr var av høg kvalitet. Plasseringa var strategisk, her kunne kanonar nå mål utover Sognefjorden, og såleis sperre innseglinga til Sognefjorden.

Etter krigen vart Nesje fort nytta av Forsvaret, først som kystbatteri, og seinare som øvingsplass og støttepunkt for heimevernet. I 2017 vart Nesje fort tilbakeført til eigar. Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune har uttalt at Nesje fort er det best bevarte militære anlegget frå 2. verdskrig i Sogn og Fjordane. Store delar av bygningsmassen er bevart, og dette gir anlegget ein svært

høg regional kulturminneverdi. Kulturavdelinga anbefaler at det vert utarbeida ein reguleringsplan etter PBL for heile området.

Registrert i Kulturminnesøk og Kulturhistorisk leksikon.

NR. 48 Løland leir, gnr. 92/1



Grunnmur frå Løland leir. Foto: Sigrid Solberg.

Skildring:

Bygd vinteren 1941-42. Løland leir var ein 2. eller 3. linjes anlegg, det vil seie for administrasjon, velferd, sjukestove, vedlikehald, lager med meir. Denne typen anlegg låg tilbaketrekt og inne i landet, i motsetnad til forsvarsanlegga ute ved kysten.

Bygningsmassen i Løland leir vart seld etter krigen, men fundament, grunnmurar og trapper er godt synleg. Leiren ligg i utmarksområde og utan moderne inngrep.

Området er noko prega av attskoging, men kulturavdelinga i fylkeskommunen meiner at anlegget likevel har stort potensiale for oppleving med meir. Registrert i Kulturminnesøk og Kulturhistorisk leksikon.

NR. 49 Hyllestad leir, Myklebustneset, gnr.



Ammunisjonsbunker på Myklebustneset. Foto: Oddhild D. Engedal.

Skildring:

Hyllestad leir vart bygd våren 1941, brakker og bunkerar vart bygde på Myrgjerdet og ved vegen gjennom Svartedalen. Leiren var forlegning for infanteri-soldatar og ein bataljonstab.

I 1944 vart den tyske avdelinga på Hyllestad forsterka med to 7,5 cm feltkanonar på Myklebustneset. Formålet var betre sikring av støttepunktet og dampskipskaia på Hyllestad. Det vart også støypt ein dekningsbunker, to bunkerar for ammunisjon, og mindre stillingar for maskingevær.

Registrert i Kulturminnesøk og Kulturhistorisk leksikon.

NR. 50 Minnestein over Vegbusane på Lifjordvegen, Hellemsvegen gnr. 52/2



Foto: Sogrid Solberg.

Skildring:

Minnestøtta på Hellem i Lifjorden vart avduka i år 2000, og er reist til minne om vegbusane som arbeidde på vegen. Vegarbeid var vanlegvis sesongarbeid, og anten hadde ein slikt arbeid som eineyrke, eller ein hadde det i kombinasjon med noko anna, som td småbruk. «Bus» eller «bondesluk» var gjerne tilnamn som vegarbeidaren fekk. Strekninga Hellem-Risnes vart bygd i tida 1902-05, og vidare frå Hellem til Hyllestad i åra 1914-23. Det var Bergljot Lundeland som stod i brodden for å få reist minnesteinen, og Lundeland tok også ein stor del av kostnaden med minnesteinen.

Registrert i Kulturminnesøk og Kulturhistorisk leksikon.

NR. 51 Minnesmerke om Havørn- ulukka, Risneshaugane, gnr. 46/3



Skildring:

Minnestøtta på Risneshaugane er reist til minne om dei som omkom i Havørnulukka og dei som deltok i det vanskelege rednings- og identifiseringsarbeidet. Støtta vart avduka 14. juni 2008. Då ulukka skjedde 8. juni 1936 var det den første flyulukka i sivil rutefart i Norge, og 7 liv gjekk tapt. Flyet gjekk i post- og passasjerrute frå Bergen til Tromsø, og ved Lihesten gjekk flyet rett i Risnesnipa.

Registrert i Kulturminnesøk og Kulturhistorisk leksikon.

Foto: Sigrid Solberg.

NR. 52 Minnesmerke ved Hyllestad kyrkje om krigsinnsats, gnr. 79/2,29



Skildring:

I mai 2000 vart Harald Risnes og alle frå Hyllestad som deltok i krigen, heidra med minnestøtta som står utanfor Hyllestad kyrkje. Kvar 17. mai vert det lagt krans på støtta. Det var Hans Berge som tok initiativ til å få reist støtta, og i år 2000 vart han tildelt Kvernsteinsprisen for dette arbeidet.

Harald Risnes (1914-67) vaks opp på ein gard på Bjørnestad i Skifjorden, saman med 3 brør. Etter handelsskule, tok Risnes befalsutdanning og gjekk deretter politiskulen. Under krigen deltok han m.a. i Måløyraidet og tenestegjorde på norske motortorpedobåtar. Frå oktober 1944 til krigen var slutt, var han sjef for Bjørn West styrkane i Matrefjella. For dette arbeidet blei han tildelt *Krigskorset med sverd «for fremragende innsats under utførelse av militært oppdrag.»*

Registrert i Kulturminnesøk og Kulturhistorisk leksikon.

Foto: Sigrid Solberg.

NR. 53 Porten, gnr. 43/1,6



Oppe: til venstre: eldhus (t.h), og stabbur(t.v), ser også hjørnet av skulestova. Til høgre: «nyefloren» (t.v) og «gamlefloren» (t.h). Nede: til venstre: reiskapshus, våningshus og skulestova. Til høgre: fortøyningsbolt, sjøbud og naust. Foto: Astrid Waage.



Skildring:

Kulturmiljøet omfattar naust, sjøbu og fortøyningsboltar ved sjøen, kulturlandskapet opp til gardstunet, gardstunet og vidare austover til kvernhus og gardflor. Porten har hatt god tilgang på naturlege ressursar som jord, skog, vasskraft, utmark og tilgang til sjøen. Ressursane har vore godt utnytta og garden har hatt eit variert næringsgrunnlag. I dag framstår kulturmiljøet som autentisk og velhalde.

Kring 1830 vart gardstunet flytta til noverande plassering. Gardstunet har ein struktur som minner om dei gamle klyngjetuna, med fleire små hus med spesialiserte funksjonar, plassert tett saman. Både eldhuset og stabburet er bygd på 1800-talet. Eldhuset vart flytta hit frå det gamle tunet, på døra til stabburet er det fleire tjørekrossar. Den kvitmåla skulestova er frå kring 1850, opphavleg bygd som «nystove». Frå 1920 leigde kommunen stova til skulestove og det var skule for Storaker krins her fram til 1960. Bak denne husklyngja er eit slaktehus. Våningshuset er bygd i 1918 og var eit uvanleg stort gardshus på den tida. På tunet er også to florar, den eldste er bygd kring 1870, den nyaste kring 1930, samt eit reiskapshus (bygd kring 1930). Eit lite stykke aust for tunet er smia, bygd kring 1920. Garden har også eit kvernhus aust for tunet, det var bygd i 1867 og er nyleg restaurert. Nord for kvernhuset er ein gardflor med grunnmur av naturstein og båsskiljer av skiferheller. Utanfor er eit drikkekar i stein. Bruk av naturstein er gjennomgåande for heile kulturmiljøet, nytta til oppmuring av vegar, grøftar, elveførebygging, bakkemurar og steingardar, forutan som byggjemateriale til grunnmur for fleire av bygningane.

Naustet til garden er bygd kring 1800. Sør for naustet er sjøbua, bygd kring 1920. Henrik O. Porten (eigar i tida 1892- 1930) byrja på 1900-talet å kjøpe opp laks frå området. Han leverte laks til Bergen, samt England og dreiv også landhandel i kjellaren i våningshuset.. På 1930- og 40-talet var Porten stoppestad for Aafjord 1 på ruta Åfjord –Bergen, ei konkurrerende rute til fylkesbåtane.

Kulturmiljøet Porten har eit mangfald av kulturminne og nær alle kulturminnekategoriane ein har fokusert på i denne planen, er representerte her.

SEFRAK id nr.: eldhus: 14130111002, stabbur: 14130111003, skulestova: 14130111001, gamlefloren: 14130111004, kvernhus: 14130111005, naust: 14130111006.

Del 4: Handlingsplan

Kulturminneplanen skal sikre at vi får kartlagt og synleggjort eit breitt spekter av kulturminne og kulturmiljø i Hyllestad kommune. Vi vil arbeide for tilrettelegging slik at dei ulike kulturminna kan opplevast og gje kunnskap om fortida gjennom ulike tiltak, som til dømes, formidling. Vidare er det viktig med skjerming av dei mest verdifulle kulturminna frå ytre påverknad og skade, slik at dei ikkje går tapt.

Kulturminnearbeid krev ressursar i form av både tid og pengar. Det gjeld mellom anna restaurering og vedlikehald av faste kulturminne, som til dømes bygningar. Lause kulturminne krev også ressursar, som oppbevaring, vedlikehald og formidling. Alle kulturmiljø og kulturminne i planen er å rekne som *kommunalt prioriterte*, og kommunen vil oppmode alle interesserte grunneigarar om å søkje økonomisk støtte og rettleiing til vedlikehald av sine kulturmiljø. Ein kan søkje om økonomisk støtte frå:

- Kulturminnefondet
- SMIL midlar, eigarar av gardsbruk der det er aktiv drift kan søkje
- Norsk kulturarv
- Vestland fylkeskommune
- Fortidsminneforeninga
- Riksantikvaren

Ta elles kontakt med kulturkontoret eller Vestland fylkeskommune for hjelp og informasjon i samband med søknad om økonomisk støtte.

Planen gjeld for 2021-2024. I 2024 skal planen evaluerast, og målet er å utarbeide ein oppdatert plan for dei neste 4 år.

Hyllestad kommune har små personalressursar til å gjennomføre kulturminnearbeid, og er avhengig av godt samarbeid med andre: einskildpersonar, lag/organisasjonar og fylkeskommune. Kommunen har likevel ei viktig rolle i å administrere og vere pådrivarar av tiltaka i planperioden.

Tiltak i perioden 2021-2024

Vassbruksmiljøet i Skor : 2021-24

- utarbeide plan for drift og vedlikehald og søkje midlar til vedlikehald/reperasjonar
ansvarleg: kulturkontoret i samarbeid med Skor grunneigarlag

Den Trondhjemske postvei: 2021-24

- utarbeide plan for skjøtsel/ vedlikehald/ skilting
ansvarleg: kulturkontoret/DV avdelinga i samarbeid med Statens vegvesen
- rydding langs postveien/oppsetjing av skilt: 2021/22
ansvarleg: DV avdelinga

Krigsminne: 2022-24

- arbeide for eit prosjekt knytt til krigsminna i kommunen, gjerne i samarbeid med andre aktørar knytt til krigsminne i HAFS-regionen

ansvarleg: kulturkontoret

- Myklebustneset, tilrettelegging, informasjonstiltak, rydding av skog
ansvarleg: kulturkontoret i samarbeid med Liv og lyst prosjektet og Hyllestad grendelag
- Løland leir: jobbe for eit prosjekt med registrering av enkeltminne, rydding av skog, og tilrettelegging
ansvarleg: kulturkontoret utarbeider ei prosjektskildring

Formidling: 2021-24

- Arbeide for at kulturminne blir tema i friluftsseke (kvart 3. år)
ansvarleg: Hyllestad skule i samarbeid med lag/organisasjonar
- Arbeide for eit prosjekt med tema *kulturarv for dei minste*: tradisjonsmusikk og tradisjonsdans som ein raud tråd (lokale songar, dansar, møte ulike folkemusikkinstrument og oppleve kulturarven i kommunen)
ansvarleg: Hyllestad og Fjaler kulturskule i samarbeid med andre
- arbeide for utstillingar i kulturhuset Prestegarden, til dømes tekstilt handarbeid
ansvarleg: kulturkontoret med fleire
- arbeide for å synleggjere kulturarven i kommunen, til dømes gjennom sosiale mediar
ansvarleg: kulturkontoret

Kart og databasar: 2021-24

- leggje inn alle kulturminne- og miljø i kulturminnedatabasen Askeladden
ansvarleg: kulturkontoret
- vurdere om nokre av dei prioriterte kulturminna skal rullerast inn i arealplanen og tilleggast omsyns-
soner
ansvar: kulturkontoret og planavdelinga i kommunen

Registrering: 2021-24

- oppmode privatpersonar om å leggje inn fleire kulturminne i www.kulturminnesok.no eller leggje inn opplysningar på www.skulenmin.no. Gjerne i samarbeid med kulturkontoret.
ansvar: kulturkontoret
- vurdere tilfanget i lista over prioriterte kulturminne fram mot neste rulling
ansvar: kulturkontoret i samarbeid med til dømes Sogelaget, Folkeakademiet og innbyggjarar elles
- innarbeide KULA – område i kulturminneplanen (grensene for KULA område er under utarbeiding ved Vestland fylkeskommune og Kvernsteinsparken)

Andre ting: 2022-24

- kulturminneprosjekt må kostnadsrekast i samband med budsjettarbeidet
 - greie ut moglegheita for å utarbeide allmenn bygdesoge for Hyllestad. Kulturkontoret i samarbeid med arbeidsgruppe frå lag/organisasjonar mv.
- ansvar for alle: kulturkontoret

Kjelder / litteratur

Inger Kellmer og Finn B Førsund (red)

Hyllestad bygdebok; gards- og ættesoge, 2 band, 1990/1993

Hyllestad sogelag: sokeskrift 1976-78, 1980, 1987, 2000 -

I Årbok for Sogn, utgjeve av Dei heibergske samlingar finn ein og lokalhistoriske artiklar knytt til Hyllestad.

Håkon Haukøy, Finn B. Førsund og Ingemar Nordstrand:

Hyllestad kommune 1861-2011; kommunen og folket, 2011

Finn B. Førsund: Skipsverftet ved Sognefjorden, 1993

Ingemar Nordstrand: Postveien Bergen – Trondheim, 1997

Tove Rønnseth: Rapport frå Kvernsteinsprosjektet, 1996

Irene Baug: Kvernsteinsbrota i Hyllestad, 2002

Johs B Thue: Livets steinar, 2000

Rapportar frå Kvernsteinsseminara: 2004 og 2005

Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth: Av stein, 2017

Førsund, Finn B: Dampen og kaia, 1998

Førsund m fleire: På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane,

Noss, Aagot: Kvinneklede i Sogn, døme på ein vestnorsk tradisjonell klesskikk, 2012

Hovland, Bjørg: Folkedrakter og bunader frå Sogn, ei reise i tid og landskap, 2014

Sentrale artiklar i Sokeskrift frå Hyllestad og Hyllestad kommune 1861-2011; kommunen og folket (Haukøy, H., Førsund, F.B. og Nordstrand, I 200).

Akse, L. J. 2011: Fiskeri og fraktefart 1861-1914. I: *Hyllestad 1861-2011- kommunen og folket*, s 73- 77.

Akse, L. J. 2011: Fiskeri i Hyllestad 1914-1940. I: *Hyllestad 1861-2011- kommunen og folket*, 93-99.

Akse, L. J. 2017: Sjøbua på Laberget. I: *Sokeskrift frå Hyllestad 2017*, s 105-109.


Akse, L. J. 2018: «Herredets hovednæring er jordbruk og fiskeri». I: *Sokeskrift frå Hyllestad 2018*, s 22-42.

Akse, L. J. 2019: Klyngjetunet på Hyllestad i 1870- åra. I: *Sokeskrift frå Hyllestad 2019*, s 20-39.

Akse, L. J. 2019: I konkurranse med Fylkesbåtane. I: *Sokeskrift frå Hyllestad 2017*, s 90-99.

Akse, L. J. 2020: Det kom ei «ny tid»... I: *Sokeskrift frå Hyllestad 2020*, s 26- 39.

- Førsund, F. B. 2003: Laksefiske ved Sognefjorden. I: *Sogeskrift frå Hyllestad 2003*, s 60-71.
- Førsund, B. F. 2011: Nytt prestegjeld og nye kyrkjer. I: *Hyllestad 1861-2011- kommunen og folket*.
- Haukøy, H. 2003: Vetlebøen- eit forsvunne samfunn... I: *Sogeskrift frå Hyllestad 2003*, s 44-53.
- Haukøy, H. 2010: Porten- velstelt og vakker gard i vest. I: *Sogeskrift frå Hyllestad 2010*, s 96-102.
- Haukøy, H. 2011: Frå misjonsforeining og leselag til brigde og biljard. I: *Hyllestad 1861-2011- kommunen og folket*.
- Kleppa, H. 2010: «Hausten er stor»- i den bedehushistoriske vingarden. I: *Sogeskrift frå Hyllestad 2010*, s 86-95.
- Nordstrand, I. 1978: Omkring «Den trondhjemske postveg». I: *Sogeskrift i Hyllestad 1978*, s 5- 16.
- Nordstrand, I. 2000: Husmannsplassen- ei siste bergingsvon. I: *Sogeskrift i Hyllestad 2000*, s 17-29.
- Nordstrand, I. 2000: Elektrisitetsverk i Hyllestad 1909-1943. I: *Sogeskrift frå Hyllestad 2000*, s 33-40.
- Nordstrand, I. 2001: Hyllestad Prestegard gjennom tidene s 15-39. I: *Sogeskrift frå Hyllestad 2001*.
- Nordstrand, I. 2008: Bilens inntog i Hyllestad. I: *Sogeskrift frå Hyllestad 2008*, s 44-62.
- Nordstrand, I. 2012: Stølsdrift i Hyllestad. I: *Sogeskrift frå Hyllestad 2012*, s 84-96.
- Thue, J. B. 2011: Hyllestad- nyskaping i ei grotid. I: *Hyllestad 1861-2011- Kommunen og folket*, s 55-71.
- Timerlid, J.A. 2011: Jordbruket i Hyllestad 1900-1920. I: *Hyllestad 1861-2011- Kommunen og folket*, s 81-89.
- Varlid, J, Akse L. og Porten, H. 2015: Laksefisket i Skifjorden og Åfjorden. I: *Sogeskrift frå Hyllestad 2015*, s 18-45



Hyllestad
kommune

Kommunehuset
6957 HYLLESTAD
www.hyllestad.kommune.no

mars 2021